Budsjett og gebyrregulativ 2015, viktige element:

- Ingen gebyrendring frå 2014 til 2015 og 1 % befolkningsauke
- 1 % auke i total mengde hushaldningsavfall
- 5 % kostnadsauke og lønnskostnadsauke (p.g.a. stillingar og ikkje lønnsauke)
- Stor reduksjon på slamprisen på ordinære tankar
- Fordelingsnøklar etter siste oppdatering i august 2014

I budsjettet er det lagt opp til følgende overskot i 2014:

- Renovasjon totalt kr 3.068.000
- Hushaldning kr 2.427.000
- Næring kr 641.000
- Slamtøming kr 187.000 (som blir ført i null ved årsskiftet)

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2015 og sender gebyrregulativet over til kommunestyra for endeleg godkjenning der.

Vedtak, samr.:

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Renovasjon totalt budsjett 2015

Tal i heile tusen

	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Avvik kr	Avvik %	Prognose 2014	Avvik kr	Avvik %
<b>Driftsinntekter:</b>							
Renovasjonsgebyr	37 378	35 778	1 600	4,5 %	36 746	632	1,7 %
Andre driftsinntekter	3 527	3 158	369	11,7 %	3 472	55	1,6 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>40 905</b>	<b>38 936</b>	<b>1 969</b>	<b>5,1 %</b>	<b>40 218</b>	<b>687</b>	<b>1,7 %</b>
<b>Driftskostnader:</b>							
Varekostnad	-8 008	-8 004	-4	0,0 %	-7 312	-696	9,5 %
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-8 008</b>	<b>-8 004</b>	<b>-4</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-7 312</b>	<b>-696</b>	<b>9,5 %</b>
Lønn/personalkost.	-16 868	-16 493	-375	2,3 %	-14 846	-2 022	13,6 %
Av-/nedskrivning	-3 381	-2 389	-992	41,5 %	-2 416	-965	39,9 %
Andre driftskostnader	-9 331	-9 068	-263	2,9 %	-9 110	-221	2,4 %
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-29 580</b>	<b>-27 950</b>	<b>-1 630</b>	<b>5,8 %</b>	<b>-26 372</b>	<b>-3 208</b>	<b>12,2 %</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-37 588</b>	<b>-35 954</b>	<b>-1 634</b>	<b>4,5 %</b>	<b>-33 684</b>	<b>-3 904</b>	<b>11,6 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3 317</b>	<b>2 982</b>	<b>335</b>	<b>11,2 %</b>	<b>6 534</b>	<b>-3 217</b>	<b>-49,2 %</b>
<b>Finansposter:</b>							
Renteinntekter	381	168	213	127,1 %	363	18	5,0 %
Aksjeutbytte	19	23	-4	-17,0 %	19	0	2,3 %
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>400</b>	<b>191</b>	<b>209</b>	<b>109,8 %</b>	<b>381</b>	<b>19</b>	<b>4,9 %</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-649	-1 019	370	-36,3 %	-618	-31	5,0 %
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-649</b>	<b>-1 019</b>	<b>370</b>	<b>-36,3 %</b>	<b>-618</b>	<b>-31</b>	<b>5,0 %</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-249</b>	<b>-828</b>	<b>579</b>	<b>-69,9 %</b>	<b>-237</b>	<b>-12</b>	<b>5,3 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>3 068</b>	<b>2 154</b>	<b>914</b>	<b>42,4 %</b>	<b>6 298</b>	<b>-3 230</b>	<b>-51,3 %</b>

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Hushaldning totalt budsjett 2015

Tal i heile tusen

	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Avvik kr	Avvik %	Prognose 2014	Avvik kr	Avvik %
<b>Driftsinntekter:</b>							
Renovasjonsgebyr	32 212	30 701	1 511	4,9 %	31 580	632	2,0 %
Andre driftsinntekter	2 770	2 400	370	15,4 %	2 713	57	2,1 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>34 982</b>	<b>33 101</b>	<b>1 881</b>	<b>5,7 %</b>	<b>34 293</b>	<b>689</b>	<b>2,0 %</b>
<b>Driftskostnader:</b>							
Varekostnad	-7 198	-7 307	109	1,5 %	-6 564	-634	-9,7 %
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-7 198</b>	<b>-7 307</b>	<b>109</b>	<b>1,5 %</b>	<b>-6 564</b>	<b>-634</b>	<b>-9,7 %</b>
Lønn/personalkost.	-14 456	-14 362	-94	-0,7 %	-12 731	-1 725	-13,6 %
Av-/nedskrivning	-2 847	-1 983	-864	-43,6 %	-2 010	-837	-41,7 %
Andre driftskostnader	-7 878	-7 607	-271	-3,6 %	-7 692	-186	-2,4 %
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-25 181</b>	<b>-23 952</b>	<b>-1 229</b>	<b>-5,1 %</b>	<b>-22 432</b>	<b>-2 749</b>	<b>-12,3 %</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-32 379</b>	<b>-31 259</b>	<b>-1 120</b>	<b>-3,6 %</b>	<b>-28 996</b>	<b>-3 383</b>	<b>-11,7 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>2 603</b>	<b>1 841</b>	<b>762</b>	<b>41,4 %</b>	<b>5 297</b>	<b>-2 694</b>	<b>-50,9 %</b>
<b>Finansposter:</b>							
Renteinntekter	362	152	210	137,5 %	345	17	4,9 %
Akseutbytte	16	19	-3	-15,3 %	15	1	3,9 %
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>378</b>	<b>171</b>	<b>207</b>	<b>120,7 %</b>	<b>360</b>	<b>18</b>	<b>4,9 %</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-554	-887	333	37,5 %	-527	-27	-5,1 %
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-554</b>	<b>-887</b>	<b>333</b>	<b>37,5 %</b>	<b>-527</b>	<b>-27</b>	<b>-5,1 %</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-176</b>	<b>-716</b>	<b>540</b>	<b>75,4 %</b>	<b>-167</b>	<b>-9</b>	<b>-5,6 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>2 427</b>	<b>1 126</b>	<b>1 301</b>	<b>115,6 %</b>	<b>5 130</b>	<b>-2 703</b>	<b>-52,7 %</b>

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Næring totalt budsjett 2015

Tal i heile tusen

	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Avvik kr	Avvik %	Prognose 2014	Avvik kr	Avvik %
<b>Driftsinntekter:</b>							
Renovasjonsgebyr	5 166	5 077	89	1,8 %	5 166	0	0,0 %
Andre driftsinntekter	757	758	-1	-0,1 %	759	-2	-0,3 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 923</b>	<b>5 835</b>	<b>88</b>	<b>1,5 %</b>	<b>5 925</b>	<b>-2</b>	<b>-0,0 %</b>
<b>Driftskostnader:</b>							
Varekostnad	-810	-697	-113	16,2 %	-748	-62	8,3 %
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-810</b>	<b>-697</b>	<b>-113</b>	<b>16,2 %</b>	<b>-748</b>	<b>-62</b>	<b>8,3 %</b>
Lønn/personalkost.	-2 412	-2 131	-281	13,2 %	-2 115	-297	14,0 %
Av-/nedskrivning	-534	-406	-128	31,5 %	-407	-127	31,3 %
Andre driftskostnader	-1 453	-1 460	7	-0,5 %	-1 418	-35	2,5 %
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-4 399</b>	<b>-3 997</b>	<b>-402</b>	<b>10,0 %</b>	<b>-3 940</b>	<b>-459</b>	<b>11,7 %</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-5 209</b>	<b>-4 694</b>	<b>-515</b>	<b>11,0 %</b>	<b>-4 688</b>	<b>-521</b>	<b>11,1 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>714</b>	<b>1 141</b>	<b>-427</b>	<b>-37,4 %</b>	<b>1 237</b>	<b>-523</b>	<b>-42,3 %</b>
<b>Finansposter:</b>							
Renteinntekter	19	15	4	23,4 %	18	1	7,3 %
Aksjeutbytte	3	4	-1	-25,0 %	3	-0	-5,5 %
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>22</b>	<b>19</b>	<b>3</b>	<b>13,4 %</b>	<b>21</b>	<b>1</b>	<b>5,4 %</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-95	-132	37	-28,0 %	-91	-4	4,7 %
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-95</b>	<b>-132</b>	<b>37</b>	<b>-28,0 %</b>	<b>-91</b>	<b>-4</b>	<b>4,7 %</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-73</b>	<b>-113</b>	<b>40</b>	<b>-35,1 %</b>	<b>-70</b>	<b>-3</b>	<b>4,5 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>641</b>	<b>1 028</b>	<b>-387</b>	<b>-37,7 %</b>	<b>1 168</b>	<b>-527</b>	<b>-45,1 %</b>

## **SSR 2015 –**

### **Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:**

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva. Prisen er inkl. hageavfallsgebyret som er i elt par kommunar.)

#### **STANDARDABONNEMENT:**

<b>Type abonnement:</b>	<b>Gebyr 2015:</b>	<b>Gebyr 2014 (samanlikning):</b>
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke	kr 3.141,60 kr 3.927,- inkl. mva. kr 1.309,- inkl. mva. pr. termin	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.141,60 kr 3.927,- inkl. mva. kr 1.309,- inkl. mva. pr. termin	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke	kr 2.731,20 kr 3.414,- inkl. mva. kr 1.138,- inkl. mva. pr. termin	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.453,60 kr 4.317,- inkl. mva. kr 1.439,- inkl. mva. pr. termin	Nytt tilbod

#### **STORHUSHALD:**

<b>Type abonnement:</b>	<b>Gebyr 2015:</b>	<b>Gebyr 2014(samanlikning):</b>
Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.453,60 kr 4.317,- inkl. mva. kr 1.439,- inkl. mva. pr. termin	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang

#### **HEIMEKOMPOSTERING:**

<b>Type abonnement:</b>	<b>Gebyr 2015:</b>	<b>Gebyr 2014 (samanlikning):</b>
Heimekompostering	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang

**Forts.**

Forts.

#### TILLEGGSTENESTER:

Type abonnement:	Gebyr 2015:	Gebyr 2014 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement	kr 204,- pr. gong når SSR skiftar ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levere/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand). Kr 255,- inkl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Gebyr for ekstrahenting	kr 204,- pr. gong kr 255,- inkl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	--

\* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

#### TILLEGG:

Type abonnement:	Gebyr 2015:	Gebyr 2014 (samanlikning):
Pris pr. sekk	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Ned 61,5 % frå 2014
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvillande abonnement	kr 816,- pr. gong kr 1.020,- inkl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang

#### ANDRE SATSAR:

Levering til lokalmottak:	kr 2.032,- pr. tonn kr 2.540,- pr. tonn inkl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Minstesum ved levering til lokalmottak:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 428,- pr m3 kr 535,- pr m3 inkl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Dekk på felg:	kr 116,- kr 145,- In kl. mva.	Uendra frå 2014 – m.a.o. ein realprisnedgang
Dekk utan felg:	Gratis innlevering på miljøstasjonen i Saunesmarka	



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2014/1633
		Arkiv:	231

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
209/14	Formannskapet	18.11.2014
	Kommunestyret	27.11.2014

### FASTSETTING AV AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR FOR 2015

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Brøyteabonntar skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på Kr 266,-
2. For vegar med lengde 25 -100 m skal det betalast kr 123,- pr. gong.  
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 74,-

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

#### Særutskrift:

- Anlegg og driftsavdelinga, her
- Økonomi avdelinga, her

**Vedlegg:** Kopi av kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar frå SSB (Statistisk sentralbyrå)

**Bakgrunn for saka:**

Saka gjeld fastsetting av avgiftsgebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2015.

**Saksopplysningar/vurdering:**

Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011.

Ordninga er meint å vere sjølvfinansierande og skulle i.h.h.t. K-sak 1137/10 evaluerast etter 2 år. Ein vurderte då at ordninga så langt hadde vore sjølvfinansierande slik intensjonen var.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2014 var prissatsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: kr 260,-
2. For vegar med lengde 25 – 100 m: kr 120,- pr. gong  
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 72,-

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke frå 3. kvartal 2013 – 3. kvartal 2014 på 2,2%.

Godtgjersla til kommunen sine brøytekontraktørar er regulert etter SSB sin indeks. Ein rår derfor til at avgiftssatsen for brøyting av private vegar i regi av kommunen inkl. den faste delen, vert auka med 2,2%.

Nye satsar gjeldande for 2015 vert då slik:

1. Fast årleg avgift: kr 266,-
2. Brøyting av vegar 25 – 100 m: kr 123,- pr. gong  
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 74,-

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2015.

Fosnavåg, 30.10.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde



[Gå til statistikkens arkiv](#)

# Byggekostnadsindeks for veganlegg, 3. kvartal 2014

Publisert: 17. oktober 2014 - Neste publisering: 23. januar 2015


## Økte kostnader for veganlegg

Byggekostnadene for veganlegg gikk opp 1,3 prosent fra 2. kvartal til 3. kvartal i år. Materialkostnadene økte med 2,2 prosent, mens arbeidskraft- og maskinkostnadene steg med respektive 1,0 og 0,6 prosent.

Byggekostnadsindeks for veganlegg. 1. kvartal 2004=100			
	3. kvartal 2014	Endring i prosent	
		2. kvartal 2014 - 3. kvartal 2014	3. kvartal 2013 - 3. kvartal 2014
<b>Veganlegg, i alt</b>	<b>154,1</b>	<b>1,3</b>	<b>2,2</b>
Veg i dagen	154,9	1,6	2,1
Betongbru	157,5	0,8	2,4
Fjelltunnel	148,0	1,0	2,3
<b>Drift og vedlikehold av veget, i alt</b>	<b>155,8</b>	<b>1,2</b>	<b>2,4</b>
Asfaltering av veget	175,6	2,5	2,5
Vinterdrift av veget	146,4	0,8	2,2

[Standardtegn i tabeller](#)

Figur 1. Byggekostnadsindeks for veganlegg og kostnadsindeks for drift og vedlikehold av veger. Prosentvis endring fra samme kvartal året før



Kilde: Statistisk sentralbyrå.



Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2014/1209
		Arkiv:	124

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
210/14	Formannskapet	18.11.2014

### BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018. 2. HANDSAMING

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:  
Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

#### Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

#### Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelge ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

#### Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

### Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2015 (runda av til næraste kr 5.000,-).

Område	Brutto	Brutto	Netto	Netto
	Utgift 2015	Inntekt 2015	Utgift 2015	budsjett 2014
Pol. Leiing	3.725	45	3.680	3.695
Adm leiing	6.330	2.890	3.440	3.320
Servicetorget	4.185	835	3.350	3.000
Fellessekretariatet	2.410	200	2.210	2.185
Økonomiavd	7.200	700	6500	6.160
Pers og org. avd	10.250	2.060	8.190	8.235
IKT	5.780	470	5.320	4550
Overføringar til andre	34.670	25.850	8.820	8.800
Barnehageavdelinga	65.130	3.840	61.290	61.680
Skuleavdelinga	125.130	17.410	107.720	109.900
Barn, familie og helse	46.845	10.455	36.390	34.545
Pleie og omsorgsavd.	124.700	19.680	105.020	101.730
Bu- og habilitering	48.920	11.110	37.810	36.285
Sosial g flyktning	14.795	5.365	9.430	9.520
Kulturavdelinga	18.515	9.570	8.945	8.020
Utviklingsavdelinga	8.735	2.385	6.350	6.330
Anlegg og driftsavd.	39.085	23.195	16.610	12.240
Eigedomsavdelinga	32.520	14.745	17.775	15.140
Samhandlingsreforma	295	295	0	12.400

(Førebelse rammer før nye tiltak er vurdert)

- Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2015.
- Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.
- Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
  - Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2015. Kr 2.580,- for heil plass + matpengar kr 300,-.
  - Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
  - Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
  - Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:  
(Pr. 1.5.14 er 1 G kr. 88.370,-
    - Timepris: kr 250,- (kr 240,- i 2014)
    - 2-3 G – Kr 1.000,- per mnd (kr 960,-)
    - 3-4 G – Kr 1.300,- per mnd (kr 1.220,-)
    - 4-5 G – kr 1.600,- per mnd (kr 1.500,-)
    - Over 5 G – kr 1.900,- per mnd (kr 1.850,-)
  - Leige tryggleiksalar kr 300,- per måned (kr 300,-).
  - Korttidsopphald institusjon kr 142,- pr døgn (kr 137,-)

- Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
- g) Dagplass ved institusjon kr 74,- pr dag (kr 72,-). Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
  - h) Sal av middag ved institusjonane kr 80,- pr middag (kr 75,-)
  - i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (kr 90,-)
  - j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr (kr 1.776,- per døgn i 2014. 2015 blir først kjent når budsjettet til PO er vedtatt – når tilrådinga til K-styret er kjent)
  - k) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %
  - l) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, elevavgift kulturskulen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), vert fastsett for 2014 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
  - m) Festeavgift vert sett til kr. 130.- pr. år pr. grav. (opp kr 5,- per år)
6. Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventa utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 5.000,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.
7. Budsjettet for 2015 fører til slike nye stillingsheimlar:
- a) 0,75 årsverk PO (kreftsjukepleiar)
8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
9. Herøy kommunestyre ynskjer at det i løpet av våren vert fremja ei eiga sak om innføring av Eigedomsskatt i Herøy kommune.
10. Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av organisering, struktur og tenestnivå, for å sjå kvar drifta kan effektiviserast. Ein plan for dette må snarast rådgast fram for kommunestyret for handsaming. Fram til denne planen er godkjent innfører kommunestyret stans i tilsetjing og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald.
- a. Ved presserande behov for tilsetjing i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.
  - b. Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlige budsjettendringar knytt til dette.
11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK ,-, - for 2015. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
13. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansiering i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
14. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

15 Kommunestyret vedtek budsjettet for 2015 og økonomiplanen for perioden 2015-2018 På grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

**Vedlegg:** 1 Nye tiltak investering  
2 Nye tiltak drift

## **Saksopplysningar:**

### **Innleiing:**

I statsbudsjettet (Prop. 1 S) blir det formidla forventningar om at kommunesektoren skal tilby fleire og betre tenester. Det skal bli gitt rom for auka velferd til pleietrengande, eit meir tilgjengeleg barnehagetilbod og meir kunnskap i skulen. Samstundes meiner regjeringa at det er rom for å effektivisere kommunesektoren ytterlegare.

Regjeringa sitt forslag til kommuneopplegg for 2015 har ein realvekst i samla inntekter på 6,2 mrd. kroner, rekna frå anslått inntektsnivå i 2014. Innanfor denne veksten er enkelte formål særleg ivaretatt. Dette gjeld kommunale tenester innanfor rus og psykisk helse, fleksible barnehageopptak, og ein styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Skatteanslaget i Herøy kommune for 2014 var for høgt, og vi erkjenner at den mest negative forventninga for dette året faktisk har slått til. Frå 2. kvartal har Herøy kommune vore kjend med eit planlagt underskot, som skulle dekkast ved bruk av bufferkapital. Grunna overskridingar i større samfunnsprosjekt, har t.d. aksjeutvidingar vore med på å ta av den tilgjengelege bufferkapitalen. Vi har ikkje økonomisk handlingsrom til å handtere årets underskot, og må derfor føre dette over til utfordringane for 2015.

Dersom ein ser bort frå eit eventuelt overført underskot frå 2014, vil tildelinga til Herøy kommune fortsatt ikkje vere nok til å vidareføre normaldrifta i kommunen. Med det økonomiske utgangspunktet for budsjett 2015 må ein erkjenne at drifta i Herøy kommune er underdimensjonert sett i lys av samfunnsforventningar, men overdimensjonert i høve til overføringane frå staten.

Herøy kommune må utfordre sine eigne haldningar til fleire sentrale samfunnsforhold. For det fyrste er ikkje Herøy kommune ei langstrakt kommune, sett i lys av dagens infrastruktur. Reisetidene er korte same kva slags stadar ein tek utgangspunkt i. Diskusjon om indre/ytre har derfor liten praktisk konsekvens sjølv om haldninga i samfunnet står sterkt.

Vidare har Herøy kommune sterke bygdesamfunn, som hegnar på eigne krav om å oppretthalde tenestetilbod. I lys av budsjettutfordringane har no Herøy kommune eit unikt handlingsrom for å legg til rette for eit tenestetilbod som står i samsvar med andre kommunar. Dette må vi sjå i lys av den komande kommunereforma. Ein må her erkjenne at det er utfordrande for politikarane å sjå ut over sine eigne territoriale grenser når ein er valt av folket til å ivareta Herøy kommune sine interesser.

Budsjettutfordringane for 2015 må løysast med andre verkemiddel enn det ein har gjort tidlegare. Herøy kommune vil ha utfordringar med å leve opp til forventningane i statsbudsjettet, sjølv om ein skulle innføre eigedomsskatt i økonomiplanperioda. Det vil vere behov for ein kritisk gjennomgang av nivå, omfang og struktur på tenestetilbod, organisasjonsstruktur og organisatorisk effektivisering.

Budsjett 2015 vil særleg utfordre vore politikarar til å prioritere mellom knappe ressursar. Herøy kommune må tenke meir langsiktig i den økonomiske planlegginga, særskilt med tanke på framtidige investeringar i realkapital, og hente ut effektar i tiltak som berre har

halvårseffekt for 2015 – men vidare heilårseffekt frå 2016. Rådmannen synest at budsjettprosessen i kommunen er særleg krevjande, då den statlege skrustikka stramar ytterlegare for 2015. Dette til tross for at statsbudsjettet legg vekt på ein sunn og sterk kommuneøkonomi som grunnlag for eit god velferdstilbod.

Til forsvar for staten så det den kommunale finansieringsmodellen som slår ut negativt, då det er svipt i skatteinngangen til Herøy kommune som er årsaka. Dersom vi kunne få del i selskapsskatten hadde situasjonen vår sett heilt annleis ut.

Den kommunale bygningsmassen har eit svært omfattande etterslep på vedlikehald, og evna til å fornye eigedomane ved nybygg krev langsiktig planlegging for å skape nødvendig handlingsrom. Innanfor ei periode på fem år er det behov for eit nytt skulebygg, nytt barnehagebygg, ny brannstasjon og driftssentral, og nytt omsorgs/helsebygg. Dette er store investeringar som krev omfattande ressursar gjennom lånefinansiering. Dette vil leggje ytterlager press på den årlege kommuneøkonomien. Det må vere eit grunnleggande krav at ein klarar å hente ut rasjonaliserings- og effektiviseringsgevinstar ved desse nybygga.

Det er ikkje rom for å nærme seg ein ambisjon om 3% overskot på drifta, eksklusive RDA midlar. Herøy kommune har per i dag ein kommuneøkonomi som etter statens føringar ikkje er sunn.

Budsjett- og økonomiplanen skal etter innstilling frå formannskapet leggjast ut til offentleg ettersyn i 14 dagar. Bakgrunnen for dette er at innbyggjarane skal kunne gjere seg kjent med innhaldet i planen, politikarane sine fleirtals- og mindretalsframlegg og kunne kome med innspel til slutthandsaminga i kommunestyret.

## **2. ØKONOMIPLAN**

### **2.1 Demografi**

#### Utvikling av folketalet

Den 01.01. 2014 var folketalet i kommunen på 8847 personar. Det er det same som 01.01.2013.

#### Framskrivning av folketalet

SSB presenterte 17.06. 2014 nye befolkningsframskrivingar. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst. Dersom ein legg til grunn låg nasjonal vekst (LLML), vil folketalet gå tilbake frå 8847 personar i 2014 til 8842 personar i 2040.

Låg nasjonal vekst viser at det vil bli fødd færre born kvart år. Ein vil få færre born både i barne- og ungdomsskulealder. Vidaregåande skule vil og få færre søkjarar.

Legg ein til grunn middels nasjonal vekst (MMMM), vil folketalet auke jamt frå 8847 i 2014 til 9863 personar i 2040.

Aukande antall gamle innbyggjarar

Alder/årstal	2014	2020	2030	2040
80 +	476	470	651	862

Kjelde: SSB, alt MMMM



Framskrivning av folketal viser stabil/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040.

*Stabil ungdomsgruppe.*

Alder/årstal	2014	2020	2030	2040
0-5 år	610	619	634	605
6-15 år	1162	1158	1153	1139
Sum	1772	1777	1787	1744

Kjelde: SSB, alt MMMM

Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

## **2.2 Herøy kommune sin strategi**

Kommunestyret vedtok følgjande strategi i K-sak 179/10 den 16. desember 2010.:

“1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

### Arbeidsmiljø

- Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

### Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova

### Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

### Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

Summen av handlingane til både politikarane og tilsette er det som formar omdømet. Forventingsstyring vil seie å vere tydeleg på kva tenester og til kva kvalitet eller standard Herøy kommune kan levere ut frå dei ressursane kommunen faktisk har.

Staten har gjennom inntektssystemet fastsett kriterier for utgiftsnivået for Herøy kommune. Tenester som er organisert dyrare enn inntektsoverføringane frå staten kompenserer, må vi dekkje sjølve. Det skjer i praksis ved at standarden eller tilbodet på andre tenesteområde

vert lågare. Høgare utgiftsnivå er knytt til strukturell organisering og er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt, men pressar seg no fram som aktuelle tiltak.

I prinsippet har dei ” frie inntektene” til Herøy kommune vore samansett av utbyttet frå Tussa, finansavkastning og momskompensasjon av investeringane i drifta. Utbytte frå Tussa har vore lågt over fleire år, og er forventa til å vere små i tida vidare. Både Volda og Ørsta kommunar har innført eigedomsskatt, som vil ta godt føre seg i selskapets kapitalstruktur. Vidare er momskompensasjonen oppheva, og ein står då tilbake med finansavkastinga som også er låg for dei komande åra. Det statlege inntektssystemet gjev ikkje rom for lokalsamfunnsatsing. Dette må kommunen skaffe seg gjennom andre inntektskjelder eller frigjering av ressursar.

Det er viktig å stabilisere økonomien ved streng prioritering og på sikt gjere drifta uavhengig av dei svingande inntektene, slik at desse midlane heller kan gå til å byggje opp reserver eller til sparing til større investeringar.

Det er svært vanskeleg å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet. Oppleving av meistring vert uttrykt som indikator for å trivast og kunne gjere ein god jobb. Føresetnaden for at ein arbeidstakar opplever å meistre situasjonen, er at han/ho har den kompetansen som er nødvendig, og at han/ho har tilstrekkeleg tid til å gjere jobben.

Det er viktig for kommunen sitt omdøme at kommunestyret finn den rette balansen mellom desse faktorane. Vert drifta pressa med for tronge rammer, oppstår lett ein negativ spiral med press på tid/stress, auka sjukefråver og rekrutteringsvanskar. Det bør satsast på investeringar i økonomiplanperioden som frigjer ressursar til drift og/el. auka inntekter.

Dei kommunale tenestetilboda som barnehage, skule, sjukeheims plass mv tek folk for gitt i alle kommunar. Ein greier ikkje å marknadsføre desse tenestene som unike sjølv om kvaliteten er god. Derimot vil effekten vere fråstøytande dersom tilbodet vert oppfatta som dårleg.

Opninga av hotellet, konserthuset, ny kino og skipssimulator har satt Herøy og Fosnavåg på kartet, og vi har eit positivt moment vi kan dra nytte av over tid. Effekten avhenger sjølv sagt av arbeidsmåtar for formidling. Opninga av Sunnmørsbadet i 2015 vil også vere ein sær positiv faktor for omdømme til Herøy kommune. Det er ein samanheng mellom tilgang på oppleving, sosiale møteplassar mv. og attraktivitet.

Særleg sentrale utfordringar i økonomiplanperioden:

- Gjere seg uavhengig av svingande inntekter i drifta og byggje opp buffer
- Samordne prioriteringar av utbygging av byggjefelt og infrastruktur
- Stimulere til sentrumsutvikling i Fosnavåg
- Kommunereforma
- Følgje opp energimålet i klimaplanen og ta ut potensialet for reduserte energikostnader gjennom energistyring og ENØK
- Integrering og mangfald
- Sikre god kvalitet og tilførsel av vatn i heile kommunen

## **2.3 Det økonomiske handlingsrommet i økonomiplanperioden**

Det er nivået på kommunen sine inntekter som avgjør kva utgifter kommunen kan ha. I tillegg må ein ta omsyn til netto finanskostnader. Når ein har fastsett desse postane ser ein kva ein kan fordele ut som driftsmidlar til avdelingane, kor mykje vi må saldere utgiftssida med for å balansere utgifter og inntekter, og kor mykje vi må saldere for eventuelt finne rom for nye tiltak i budsjett og økonomiplan.

Herøy går mot eit rekneskapsmessig meirforbruk i 2014. Grunnen til dette er i første rekke at staten sine prognoser når det gjeld skatt og rammetilskott var mykje høgare enn det som no viser seg å bli resultatet. Dette gjeld for landet under eitt, men Herøy kommune opplever no ein reell reduksjon av skatteinntektene for andre år på rad. Skatteprosenten vart redusert frå 28% til 27%, skatteøret vart redusert og det same vart då også kommunen sin del av skatteinntektene frå dei forskottspliktige der ein no er nede på 30%.

I utgangspunktet har Herøy kommune eit stort negativt handlingsrom i økonomiplanperioden. Ved å innføre eigedomsskatt og effektivisere det kommunale tenesteapparatet har ein imidlertid sjans til å snu denne trenden, men då må dette prioriterast og arbeidet settast i gong umiddelbart.

For 2015 kan ein balansere budsjettet ved å nytte staten sine prognoser på skatt og rammetilskott, ved å halde vakante stillingar ledige, ved å effektivisere drifta og ved å vere forsiktige med å godkjenne nye driftstiltak. Dersom ein ikkje startar effektiviseringsarbeidet umiddelbart vil budsjettet som styringsverktøy ikkje få den betydninga den skal ha. Ein har tidlegare signalisert driftsreduksjonar, men ein har ikkje greidd ut korleis desse skal gjennomførast. Slik rådmannen ser det må driftsnivået justerast ned ca. 20,0 mill kroner i den komande økonomiplanperioden for at vi skal klare å skape balanse og handlingsrom ut frå dagens driftsnivå, og gjere oss mindre avhengig av kortsiktige og svingande inntekter.

Gjennom statens endringar i rekneskapsprinsipp og innføring av stadig nye satsingsområder og reformer blir det for mange ukjende faktorar som det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg omsyn til i budsjetteringsarbeidet. Ein kan kort nemne barnehagereforma, samhandlingsreforma, momskompensasjonen og pensjonsforskriftene. I tillegg verkar det som om regjeringa har saker dei brenn for som absolutt skal inn i budsjettet utan at det er uttrykt behov for dette i kommunane (døme frå årets budsjett er Kulturskulen inn i grunnskulen/SFO). Dei siste par åra har i tillegg staten tatt ein sjanse på at kommunane sine skatteinntekter skal auke med 4,4% i 2014 og 3,7% i 2015. Dette er urealistisk stor vekst, men rådmannen trur at dette er gjort med overlegg, då det er kommunane som må effektivisere drifta og ta tapa dersom spådommane ikkje slår til.

Vi kan også ta med at alle postar der det økonomiske aspektet er usikkert må kommunane stadig bere meir av risikoen. Eit godt døme her er det øyremerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar.

I komande økonomiplanperiode må kommunen jobbe målretta med ei endring i drifta og vurdere nøye eventuelle nye investeringar og driftstiltak. Det vil ha alvorlege konsekvensar om kommunestyret ikkje ser drifta og utviklinga i eit heilheitleg og langsiktig perspektiv. Feilprioriteringar vil binde opp økonomien i lang tid og forsterke ei negativ utvikling i kommunen sitt handlingsrom. Stor vekst i kostnadane og lav inntektsvekst vil tvinge fram ei innføring av eigedomsskatt i Herøy kommune. Slik innføring kan presse seg fram allereie frå 2016.

Det må frigjerast driftsmidlar til å møte utfordringane. Driftsmidlar kan gjennomførast på fire måtar:

1. Prioritere eller ta vekk driftsmidlar.
2. Redusere kvalitet og omfang av leverte tenestar.
3. Endre på struktur i tenesteleveransen, dvs. redusere tal stadar ein leverar tenester.

4. Auke skatteinntektene, ved å legge til rette for nye/fleire innbyggjarar, og/eller innføre eigedomsskatt.

Rådmannen ser no at å ytterlegare redusere på tilgjengelege driftsmidlar ikkje har tilstrekkeleg effekt på dei økonomiske utfordringane. Løysingane ligg i dei andre verkemidlane. Investeringsbudsjettet bør ha eit perspektiv som anten gir grunnlag for endra struktur eller gir stimuli for å skaffe nye/fleire innbyggjarar og kompetanse til næringslivet/lokalsamfunnet. Stagnasjon i folkevekst vil gi lågare skatteinntekter.

Fleire kommunar innfører eigedomsskatt for å sikre gode tenester til innbyggjarane og prioritere samfunnsutvikling. I 2001 hadde 25 % av kommunane eigedomsskatt. No har dette auka til nær 40 %. For Herøy kommune vil evt innføring av eigedomsskatt gjeve oss meirinntekter i storleiken 14 – 50 mill kroner (opptrapping over 4 år – frå 2 promille i startåret til maks 7 promille etter 4 år). Ein har i dei vedlagde framstillingane gått ut frå ei innføring av denne skatten i 2016 og med ei opptrapping i 2017 og 2018 slik at ein kjem opp i ein eigedomsskatt på 4% ved utgangen av økonomiplanperioden.

### 2.3.1 Skatt/rammetilskott

Herøy kommune har i mange år hatt ei fin utvikling i sine skatteinntekter. Faktisk har auke vore større enn i dei fleste av våre nabokommunar. I 2013 derimot opplever kommunen ein reduksjon i skatteinntektene, og denne reduksjonen ser også ut til å halde fram i 2014.

I revidert nasjonalbudsjett såg regjeringa føre seg ein vekst i skatteinntektene for 2014 på 4,4%. I statsbudsjettet er forventningane for 2015 på 3,7%. Skatteøret (kommunen sin del av dei samla skatteinntektene) er redusert med 0,15 poeng. For Herøy kommune sin del vert skatteinntektene for 2015 berekna til i 252,8 mill kr i statsbudsjett for 2015. Dette er ein stor auke sett i høve til det som kan kome til å bli den reelle skatteinntekta for 2014.

Vårt håp er at Herøy igjen skal ha ein skattevekst som er høgare enn landsgjennomsnittet i 2015. Grunnen til dette er den stagnasjonen ein har opplevd i 2013 og 2014. I 2014 kan det sjå ut til at delar av næringslivet går litt betre enn i 2013 og det har også skjedd ein del andre ting som gjer at utgangspunktet i 2015 vil bli betre enn i dei to siste åra.

Vi kan illustrere endringar i skatt/ramme i ein sik tabell.

Skattevekst	Skatt	Rammetilskott	Sum
Uendra 2014-2015	236,0	208,8	244,8
3,0% vekst i 2015	243,1	204,5	447,6
5,0% vekst i 2015	247,8	201,7	449,5
7,5% vekst i 2014	253,7	198,2	451,9
Statsbudsjettet	258,2	195,4	453,6

Skal ein nå opp i prognosene i statsbudsjettet må Herøy kommune ha ein skattevekst frå 2014 til 2015 på 9,4% Ein slik vekst er kanskje urealistisk men sidan staten opererer med slike tal for Herøy kommune sin del vel vi å nytte dei i budsjett 2015.

### 2.3.2 Aksjeutbytte Tussa AS

Vi har i dag 513 aksjar i Tussa AS. I 2014 budsjetterte vi med eit aksjeutbytte på kr 9.000,- per aksje. Resultatet vart eit utbytte på kr 7.000,-. Utbyttet vi har motteke frå Tussa AS har variert frå kr 2.100,- per aksje og opp i kr 17.700,- per aksje. Kva som vil vere rett utbyttelnivå for 2015 er vanskeleg å vurdere. Førebels har vi lagt oss på eit utbytte på kr 5.000,- per aksje i 2015 noko som gir oss it samla utbytte på om lag kr 2.565.000,-. Vel ein å budsjettere med same utbytte som ein fekk for 2013 (utbetalt i 2014) kan denne posten aukast med kr 1.026.000,-.

No har KLP kome inn som ein finansiell investor med forventningar om avkastning. I utgangspunktet er det grunn til å tru at dei forventar ei avkastning høgare enn 3. mnd NIBOR noko som skulle tilseie minst mellom 2 og 3%. Basert på kjøpspris (kr 675.000,- per aksje) utgjer det eit utbytte per aksje på mellom kr 13.500,- og kr 20.250,- per aksje per år. For Herøy kommune vil det samla utgjere mellom 6,9 og 10,4 mill kr.

Likevel. Dei store usikkerheitene rundt utbyttestorleiken per aksje gjer at rådmannen ikkje ynskjer å budsjettere med slike inntekter i åra som kjem. I tillegg har Tussa AS i sine rapportar gitt uttrykk for at lønsemda i kraftbransjen ikkje vil betre seg storleg dei neste åra og at kommunene ikkje kan rekne med så store utbetalningar av utbytte som ein har sett dei siste åra.

Eit anna punkt ein skal vurdere i økonomiplansamanheng er at eigedomsskatt i Ørsta, Volda og Hareid kommunar vil gjere at selskapet sine utgifter vil auke og at resultatet såleis kan bli ytterlegare svekka i åra som kjem.

### 2.3.3 Finans

På inntektssida har vi tradisjonelt ført renteinntekter frå fondskapital (aksjar og obligasjonar) samt rente på ordinære bankinnskot i bank.

Ubunde kapitalfond er brukt opp og kanskje også negative ved komande årsskifte. I tillegg veks premieavviket på pensjon (mellom 23,7 mill kr per 31.12.2013). Alt dette gjer at Herøy kommune sin likviditet vil bli meir pressa framover. Vi har allereie redusert plasseringane med 26,0 millkr i oktober og ein kan risikere å selje seg endå meir ned før nyttår. Samla finansinntekter har vi budsjettert til om lag 6,95 mill kr. Dette er uendra sett i høve til opprinneleg budsjett 2014. Dette gjeld finansavkastning gjennom aktiv forvaltning og renter på bankinnskot.

Rentesituasjonen er usikker og uoversiktleg. Rentene svingar frå dag til dag og det er vanskeleg å spå kva som vil skje framover. Dersom Noregs Bank aukar styringsrenta vil det sjølvstøtt bety høgare finansutgifter for Herøy kommune (men også lavare pensjonskostnader). Vi trur at rentene blir lave framover og at dei vil variere forholdsvis lite dei neste 2-3 åra. Vi kan få eit problem ved at lån og kreditt ikkje blir så tilgjengeleg som det det har vore hittil.

I budsjettframlegget for 2014 har ein lagt til grunn ei flytande rente på 2,95 % i alle dei låneinstitusjonane der vi har slike lån. Mange av kommunen sine lån er knytt opp med fast rente. Ein har prøvd å ta omsyn til den fastrenta desse låna vil ha for 2015.

For 2014 legg ein opp til rentekostadar på i alt 19,15 mill kr. Dette er ein reduksjon i høve til opprinneleg budsjett 2014 på om lag 1,2 mill kr. Det kan vere at desse kan setjast ytterlegare ned, men vi har sett dette litt i samanheng med at renteinntektene synest å vere for høgt budsjettert i og med at ein har redusert plasseringane i obligasjonar og at vi tidvis har hatt lite driftskapital op konto.

Det ligg føre eit regelverk knytt til minsteinnbetaling av avdrag. Ein legg opp til avdragsinnbetalingar i 2015 tilsvarande 20,9 mill kr. Ein auke i høve til 2014 budsjettet på

1,2 mill kr. I tillegg til dette kjem avdrag på vidareutlån/startlån som vert ført i investeringsrekneskapan (her inntektsfører ein også innbetalingar av avdrag frå lånekundane).

### 3. BUDSJETT

#### 3.1 Statsbudsjettet

##### Kommuneopplegget 2015 – Prop 1 S.

Regjeringa si hovudprioritering innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjettområde er:

**- Vi styrker kommunene så de kan sørge for mer kunnskap i skolen, bedre kvalitet i helse- og omsorgstjenesten og fortsette arbeidet med å tette hull i det sosiale sikkerhetsnettet**

- Kunnskap i skulen
- Betre kvalitet i helse- og omsorgstenestene
- Tette hol i det sosiale sikkerhetsnettet

I statsbudsjettet er det opplyst at veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på vel 6,2 mrd kr. Ein stor del av denne auken blir gitt som frie midlar (4,4 mrd kr). Dette utgjør om lag 1,4 % realvekst rekna frå berekna inntektsnivå i 2014. Veksten i dei frie inntektene er om lag 1,2 mrd kr høgare enn det ein varsla i kommuneproposisjonen for 2015. Føljande utgiftsvekst må dekkast av dei auka frie inntektene:

Realvekst kommunesektoren	Kommentar	6,2 mrd (1,5 %)
Herav vekst frie inntekter		4,4 mrd (1,4 %)
Andel vekst frie inntekter på primærkommunane		3,9 mrd
Vekst frie inntekter primærkommunane skal dekkje:		3,90 mrd
- Andel vekst demografikostnader	80 % av 2,7 mill	2,16 mrd
- Pensjonskostn utover deflator	Ikkje pålagt	0,40 mrd
- Helsestasjon/skulehelseteneste	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Rus og psykiatri	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Fleksibelt barnehageopptak		0,10 mrd
Sum til "disposisjon"		0,84 mrd

Som ein då ser av tala er det meste av auken i frie inntekter allereie spist opp og det før ein tek omsyn til varsla løns- og prisvekst på nær 3,0%.

##### Nye/endra/avvikla tiltak («øyremerka» midlar/satsingar):

- Saltsing på helsestasjon og skulehelsetenesta
- Utdanning av deltidsbrannpersonell
- Auka kommunal eigedel i statlege barnevernsinstitusjonar
- Reversering av kulturskuletilbod i skulen/SFO
- Reversering av frukt og grønt
- Valfag 10 årstrinn. Heliårsverknad
- Auka likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar (heilårsverknad)
- Redusert etterspurnad etter barnehageplassar pga auka kontantstøtte (heilårsverknad)
- Auke maksimalprisen i barnehagane med kr 100,- per mnd (trekk i ramma til kommunane)
- Brukarstyrt personleg assistanse

- Rus
- Psykiatri

I tillegg aukar innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar til 1,08 mill kr per brukar.

Maksimalsatsen pr månad for heiltidsplass i barnehage vert auka med kr 100,- til kr 2.460,-. Kommunane frå trekk i ramma tilsvarande inntektsveksten.

Innslagspunktet for tilskotet til ressurskrevjande brukarar vert kr 1.080.000,- (opp kr 70.000,-) og kommunane får kompensert 80,0. Desse endringane får verknad frå 2014 og gjer at Herøy kommune sine meirkostnadar aukar med mellom 0,6 og 0,8 mill kr per år.

#### Investeringsstilskot og rentekompensasjon:

- Investeringsstilskot til sjukeheimplassar og omsorgsbustader til 2.500 nye einingar med 200,0 mill kr
- Tilskott til om lag 1000 nye dagaktivitetsplassar for heimebuande personar med demens
- Rentekompensasjonsordninga for Skulebygg og symjeanlegg aukar med 45,0 mill kr.

## 3.2 Anslag på vekst for Herøy kommune

### Anslått konsekvens av statsbudsjettet på Herøy kommune:

Dei frie inntektene er ikkje frie. Det er gitt ein del føringar som er gitt i samband med løyvingane. Vi kan sette dette opp slik:

Anslag på vekst i høve egne berekningar samanlikna

Med budsjett 2014	kr - 2.600.000,-
Bortfall av overføringer samhandlingsreforma	kr 9.610.000,-

Lønsvekst 2,75 % av lønn faste stillingar ink sos kost	kr 9.275.000,-
--	----------------

Prisvekst 1,8 %. Berekningsgrunnlag 65,0 mill kr	kr 1.170.000,-
--	----------------

Valfag i ungdomsskulen	kr 300.000,-
------------------------	--------------

Opptopping tilskott priv barnehagar til 98 %	kr 600.000,-
--	--------------

Helsestasjon- og skulehelseteneste	kr 400.000,-
------------------------------------	--------------

Utdanning deltidebrannpersonell	kr 150.000,-
---------------------------------	--------------

Basert berre på tala ovanfor er Herøy kommune sine utgifter 4,7 mill kr høgare enn anslaget i vekst på 7,0 mill kr. Dette føreset staten vert dekkja inn gjennom effektivisering og omlegging av tenester.

Basert på tala ovanfor betyr det at Herøy kommune ikkje vil ha ein vekst i sine disponible midlar i 2015, slik det også var tilfelle i 2014, 2013, 2012 osv.

I tillegg til dette veit ein at kostnadane veks innan sektorar som barnevern, sosial/flyktning, pleie- og omsorg og bu- og habilitering. Det gjer at det vert vanskeleg å legge fram ein budsjett i balanse sjølv etter ein del kutt.

I tala ligg det også eit kutt i Fylkesmannen sine skjønsmidlar på om lag 2,0 mill kr i 2015. Herøy kommune fekk skjønsmidlar på om lag 9,0 mill kr når arbeidsgjevaravgifta vart auka frå 10,6% til 14,1%. No er Fylkesmannen i ferd med å trappe ned desse skjønsmidlane. Om tre fire år vil dei nærme seg kr 0,-.

## 3.2 Veksten frå 2014-2015 i framskrive budsjett

Med dei føresetnadane ein har ved fastsetjing av frie inntekter, netto finansutgifter, pensjonsavvik m.m. har Herøy kommune om lag 443,1 mill kr til fordeling på avdelingane for 2015 samt til dekning av rente- og avdragskostnader knytt til nye investeringsbudsjett. Det er 8,6 mill lavare enn i opprinneleg budsjett 2014.

Lønnskostnadane (lønnsutgifter minus sjukelønsrefusjonar) har dei siste åra auke meir enn det regjeringa har sett føre seg i statsbudsjettet og i revidert nasjonalbudsjett. I tillegg aukar også pensjonspremien til KLP meir enn lønsveksten, slik at lønsutgiftene stadig tek ein større del av dei kommunale budsjettet. I budsjett 2015 har vi lagt til grunn ein lønsvekst på om lag 2,75% på alle faste lønskostnader, medan veksten i pensjonskostnadane i høve til opprinneleg budsjett for 2014 utgjer om lag 6% om ein tek omsyn også til lønsveksten.

Område/avdeling	Avdelingane sine Konsekvensjust. budsjettforslag for 2015	Opprinneleg budsjett 2014	Differanse i kroner	Differan se i prosent
Politisk leing	3.680.000	3.695.000	- 15.000	- 0,40
Administrativ leing	4.240.000	3.320.000	920.000	27,71
Servicetorget	3.350.000	3.000.000	350.000	11,66
Fellessekretariatet	2.210.000	2.185.000	25.000	1,14
Økonomiavdeling	5.700.000	6.160.000	- 460.000	- 7,46
Personal- og org. avd.	8.190.000	8.235.000	- 45.000	- 0,72
IKT	5.320.000	4.550.000	770.000	16,92
Div overføringar	8.820.000	8.800.000	20.000	0,22
Barnehageavdelinga	61.290.000	61.680.000	- 390.000	-0,63
Skuleavdelinga	107.720.000	109.900.000	- 2.180.000	- 1,98
Barn, familie og helse	36.390.000	34.545.000	1.845.000	5,34
Pleie- og omsorgsavd.	105.020.000	101.730.000	3.290.000	3,23
Bu- og habiliteringsavd.	37.810.000	36.285.000	1.525.000	4,20
Sosial og flyktning (NAV)	9.430.000	9.520.000	-90.000	- 0,94
Kulturavdelinga	8.945.000	8.020.000	925.000	11,53
Utviklingsavdelinga	6.350.000	6.330.000	20.000	0,31
Anleggs- og driftsavd.	16.610.000	16.240.000	370.000	2,28
Eigedomsavdelinga	17.775.000	15.140.000	2.635.000	17,40
Skatt, finans, ramme, Pensjonsavvik, avskriv.	(443.380.000)	(451.735.000)	8.355.000	1,90
<b>Sum</b>	<b>5.470.000</b>	<b>-</b>	<b>5.470.000</b>	

(Ein gjer merksam på at dette er ei førebels oversikt og det vil kome endringar etter kvart. Dette vil bl.a. gjelde salderingar, inntektstauker, samt kva tiltak formannskapet ynskjer å ha med vidare i budsjettprosessen.) Her har ein også gått for statens prognose når det gjeld skatt og ramme for 2015.



Differansen mellom avdelingane sine budsjettforslag og tildelt ramma skuldast bl.a.:

#### **Adm leing**

Auken kjem av bl.a. auka løns og pensjonskostnadar i samband med overgang frå interkommunal til kommunal stilling når det gjeld innkjøp. Funksjonen er flytta frå økonomiavdelinga.

#### **Helseavdelinga**

Lønn og pensjon er hovudgrunnen til veksten i tillegg til barnevern.

#### **Pleie- og omsorgsavdelinga**

Auken skuldast auke i fast løn, pensjonsgjevande tillegg, pensjon og arbeidsgjevaravgift.

#### **Bu- og habiliteringsavdelinga**

Veksten i budsjettet skuldast i hovudsak lønns- og sosiale kostnadar og betaling til private

#### **Kulturavdelinga**

Den viktigaste grunnen er nok knytt opp mot drifta av konserthus og kino med tanke på dei tilsette.

#### **Anleggs- og driftsavdelinga**

Lønn og pensjon, brannvern og driftsavtalar med idrettslag.

#### **Eigedomsavdelinga**

Drifta av Fosnavåg Konserthus er ein viktig årsak til auken.

### **3.3 Føresetnader for 2014 budsjettet**

Statsbudsjettet legg opp til ein vekst i dei frie inntektene på om lag 7,0 mill kr for Herøy kommune.

#### **Skatt/ramme**

Statsbudsjettet legg opp til at det kommunale skatteøret vert redusert med 0,15 i høve til 2014.

#### **Løns- og prisvekst**

I budsjettet for 2014 har avdelingane lagt til grunn lønsnivået per juli/august 2014. Det er ikkje korrigert for lokale tillegg gitt hausten 2014. I tillegg har avdelingane fått auka sine lønsbudsjett tilsvarande 2,75 % p.a. av faste løner. Når det gjeld KLP har ein førebels budsjettert med ein kostnad på 20,5 og 21,3 (sjukepleiarar), men det kan vere at også dette vert for lite (i tillegg kjem 2% frå arbeidstakarane), for SPK har ein budsjettert med ein kostnad på 12,5% og arbeidsgjevaravgifta er budsjettert med 14,1%.

Ved noverande ordning betaler kommunane i SSIS alle utgiftene til den interkommunale stillinga, medrekna administrasjonsutgifter til vertskommunen. I eit samarbeid med Ålesund kommune skal kommunane betale etter same system som dei andre kommunane i dette samarbeidet, det betyr tilsaman kr 699.131 pr år, (pr d.d.). Dette inneber at Ålesund kan finansiere ei stilling til. Det betyr ikkje at vi får ein person der som skal jobbe for oss, men vi går inn i det felles arbeidet som vert utført. Ein avtale med Ålesund kommune vil verte rimelegare ved at ein også på den måten oppnår «stordriftsfordelane». Pga endra fordelingsnøkkel 50% lik del og 50 % etter folketal, til 30% lik del og 70% etter folketal, vert det forholdsvis mindre å betale for dei minste kommunane.

Kostnad pr. kommune rekna etter same modell som dei andre kommunane som samarbeider med Ålesund:

	<b>Kostnad ved samarb med ÅK</b>	<b>Kostnader SSIS 2013</b>
Vanylven	60 975	89 506
Sande	53 489	83 208
Herøy	123 295	138 532
Ulstein	114 809	130 347
Hareid	80 294	104 816
Volda	123 991	138 354
Ørsta	142 277	152 845
	<b>699 131</b>	<b>837 607</b>

Etter å ha hatt ei stilling i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid i snart 7 år, ser ein at denne avdelinga er svært sårbar med berre ein tilsett. Anbudsprosessar set krav om at det er einkvan som er disponibel til å kunne svare på spørsmål nesten til ei kvar tid. Dette gjer det sårbart ved avvikling av ferie, sjukdom og anna fråvær.

Arbeidsoppgåvene og omfanget har vore stort, og eskalerer fortare enn ressursane strekk til. I staden for å opprette fleire stillingar, meiner ein difor at det vil vere meir framtidsretta å inngå samarbeid med Ålesund kommune på dette området.

### Igangsetting

Samarbeidet må starte umiddelbart, slik at avtalane får mest muleg kontinuitet. I ein overgangsperiode må det gjerast konkret vurdering av kvar enkelt avtale.

### **Vurdering og konklusjon:**



I og med at stillinga i innkjøpssamarbeidet no er ledig, vil rådmannsgruppa rå til at kommunane inngår samarbeidsavtale med Ålesund kommune og at samarbeidsavtalen i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid og vertskommuneavtalen med Herøy kommune vert avslutta.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Mindre sårbar.

Konsekvensar for økonomi:

Innsparing, sjå tabell.

Fosnavåg, 31.10.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

**SAMARBEIDSAVTALE**

**MELLOM**

**ÅLESUND KOMMUNE**

**OG**

**XXX KOMMUNE**

## 1 PARTENE

Denne samarbeidsavtalen (Avtalen) er inngått mellom følgende parter:

1. Ålesund kommune, organisasjonsnummer: 942 953 119
2. Xxx kommune, organisasjonsnr: xxx

## 2 AVTALENS OMFANG OG FORMÅL

Avtalen skal regulere et samarbeidsforhold mellom Ålesund kommune og Xxx kommune angående innkjøp av nærmere definerte varer og tjenester. Formålet med samarbeidsforholdet er å effektivisere anskaffelsesprosessen med målsetting om å redusere anskaffelseskostnadene.

## 3 DEFINISJONER

**Avtalen:** Denne samarbeidsavtalen

**Rammeavtale:** En avtale mellom oppdragsgiver og en eller flere leverandører som har til formål å fastlegge vilkårene for kjøp av varer eller tjenester i en nærmere tidsavgrenset periode.

**Avrop:** Bestilling under rammeavtalen

## 4 AVTALENS INNHOLD: Partenes rettigheter og forpliktelser

### 4.1 Ålesund kommune

#### 4.1.1 Inngåelse av rammeavtaler

Ålesund kommune skal inngå rammeavtaler på vegne av Xxx kommune. Ålesund kommune skal gi Xxx kommune mulighet til å tiltre alle rammeavtaler som Ålesund kommune, Konserninnkjøp inngår.

Andre rammeavtaler som avdelinger i Ålesund kommune ellers inngår, er som hovedregel ikke omfattet av Avtalen. Ålesund kommune, Konserninnkjøp kan gjøre unntak fra dette for spesifikke avtaler.

#### 4.1.2 Administrasjon

Ålesund kommune skal administrere den enkelte rammeavtale som Xxx kommune har tiltrådt jfr. Pkt. 4.2.3. Dette innebærer bl.a. at Ålesund kommune har fullmakt til å ta alle avgjørelser i det avtalerettslige forholdet til leverandøren som ikke konkret gjelder det enkelte avrop Xxx kommune foretar. Eksempler på slike avgjørelser er: prisjusteringer, utløsning av opsjoner, terminering av kontrakt, og lignende.

#### 4.1.3 Andre ytelser

Ålesund kommune skal uten ekstra vederlag gi rådgivning i innkjøpsfaglige problemstillinger av mindre omfang. Ved større oppdrag avtaler partene prisen for hvert enkelt tilfelle.

Ålesund kommune skal også tilby kompetanseheving innen anskaffelser i form av kurs og seminarer til Xxx kommune til samme betingelser som Ålesund kommune sine egne ansatte.

Ålesund kommune forplikter seg til å tilrettelegge og oppdatere kataloger for bruk i kommunen sitt elektroniske innkjøpsverktøy.

#### 4.1.4 Ansvar

Ålesund kommune er ansvarlig for at rammeavtalene inngås i henhold til det regelverk for offentlige anskaffelser som er gjeldende til enhver tid. Alle krav eller søksmål som gjelder Ålesund kommune sin håndtering av anskaffelsesprosessen i forbindelse med inngåelse av rammeavtalen og den påfølgende administrasjonen (se pkt. 4.1.2) av rammeavtalen er Ålesund kommune sitt ansvar.

Ansaret omfatter ikke det kjøpsrettslige forholdet mellom Xxx kommune og den valgte leverandør. Ålesund kommune er således ikke ansvarlig for Xxx kommune sine handlinger eller unnlater i forhold til den enkelte leverandør.

### 4.2 Xxx kommune

#### 4.2.1 Vederlag

Xxx kommune skal betale et årlig vederlag på kr. xxx xxx,- eks mva for de tjenester som Ålesund kommune yter i henhold til denne Avtalen. Vederlaget reguleres i henhold til SSB's konsumprisindeks, hovedindeksen, hvert år. Som utgangspunkt brukes indekstallet pr. 01.01.2014. Regulering foretas første gang ved beregning av vederlag for 2015.

Betaling skal skje pr. 1. juli i inneværende avtaleår.

## 4.2.2 Fullmakter

Xxx kommune gir Ålesund kommune, Konserninnekjøp fullmakt til å inngå rammeavtaler og å administrere rammeavtalene, jfr. Pkt 4.1.2, i avtaleperioden på vegne av Xxx kommune, med de reservasjoner som fremgår om tiltredelse i pkt. 4.2.3.

## 4.2.3 Skriftlig tiltredelse

Xxx kommune må gi en skriftlig tiltredelse til hver enkelt rammeavtale det er ønskelig for Xxx kommune å forplikte seg til. Ålesund kommune vil sende ut halvårlige oversikter over hvilke konkurranser om rammeavtaler som skal lyses ut. Tiltredelse fra kompetent person jfr. Pkt 5.1, må foreligge 30 dager etter utsendelse av ovennevnte oversikt fra Ålesund kommune, Konserninnekjøp.

Dersom skriftlig tiltredelse ikke foreligger innen fristen, har Xxx kommune mistet retten til å delta i den enkelte rammeavtalen for hele perioden som rammeavtalen varer. Xxx kommune sin rett gjeninntreer når Ålesund kommune lyser ut rammeavtalen på nytt enten fordi rammeavtalen går ut eller fordi det av andre grunner er nødvendig med ny rammeavtale.

Dersom Xxx kommune gir skriftlig tiltredelse som beskrevet ovenfor, er Xxx kommune rettslig forpliktet overfor leverandøren og Ålesund kommune til å handle med den (de) leverandør(er) som Ålesund kommune velger å inngå avtale med.

# 5 SAMARBEID

## 5.1 Kontaktperson

Xxx kommune skal oppnevne en kontaktperson som skal fungere som Xxx kommune sitt bindeledd til Ålesund kommune, og som skal stå for den praktiske gjennomføringen av samarbeidsforholdet. All informasjon fra Ålesund kommune som vedrører Avtalen vil bli gitt til kontaktpersonen. Kontaktpersonen har på sin side plikt til å videreformidle all relevant informasjon videre til de rette personene/organene.

Xxx kommune skal i tillegg redegjøre for hvem som har fullmakt til å foreta rettslige disposisjoner, jfr. Pkt 4.2.3, i avtaleforholdet til Ålesund kommune før samarbeidsavtalen trer i kraft.

Ålesund kommune skal straks informeres dersom det skjer endringer i oppnevnte kontaktpersoner.

## 5.2 Informasjon

Begge parter skal informere hverandre uten ugrunnet opphold om forhold som kan ha betydning for gjennomføringen av denne avtalen.

Xxx kommune har særskilt plikt til å informere Ålesund kommune om estimert produktvolum på hver enkelt rammeavtale, og sørge for at Ålesund kommune til en hver tid har oppdaterte adresselister.

Ålesund kommune har særskilt plikt til å informere om alt som har relevans til den enkelte rammeavtale. Ålesund kommune skal som et ledd i dette jevnlig arrangere informasjonsmøter med samarbeidskommunene. Xxx kommune har rett til å innkalle til møte dersom det er behov for det.

Ålesund kommune skal involvere Xxx kommune i forberedelsene til de rammeavtalene som Xxx kommune har gitt sin tiltredelse til jfr. Pkt 4.2.3. Xxx kommune har mulighet til å påvirke anskaffelsesprosessen ved å foreslå endringer og suppleringer.

## **6 MISLIGHOLD AV AVTALEN**

### **6.1 Heving av avtalen**

Begge parter kan heve Avtalen dersom det foreligger et vesentlig mislighold av de forpliktelser som er nevnt i denne avtale, og dersom den misligholdende part ikke innen rimelig tid har rettet opp i det påståtte mislighold.

### **6.2 Erstatningskrav**

Begge parter har rett til å kreve erstatning for økonomisk tap som følge av vesentlig mislighold av avtalens forpliktelser.

Dersom Ålesund kommune mottar erstatningskrav fra leverandør(er) på grunn av Xxx kommune ikke har overholdt plikten til å kontrahere med den valgte leverandør, har Ålesund kommune rett til å kreve regress for det økonomiske tapet som Ålesund kommune lider i den forbindelse.

## **7 ENDRINGER I SAMARBEIDSAVTALEN**

### **7.1 Endringer**

Endringer i denne avtale skal foretas skriftlig og innføres i Endringsprotokoll til samarbeidsavtalen og skal undertegnes av begge parter.

## **8 VARIGHET**

### **8.1 Samarbeidsavtalens varighet**

Avtaleperioden er fra 01.01. 2014 til 31.12.2017.

## **8.2 Gjensidig oppsigelsesrett**

Begge parter har mulighet til å si opp Avtalen. Avtalen kan bare sies opp med virkning fra neste avtaleår (01.01). Oppsigelsen skal være skriftlig og leveres den annen part senest innen 1. juli i inneværende avtaleår for å være gyldig.

Dersom Xxx kommune har bundet seg til å delta i enkelte rammeavtaler, jfr. Pkt 4.2.3, som gjelder ut over tidspunktet for varighet av denne Avtalen, skal Avtalen likevel gjelde, med unntak av pkt. 4.1.1, 4.1.3, 4.2.1, 7.1, 8.1, til utløp av den (de) konkrete rammeavtalen (ene) som Xxx kommune har tiltrådt.

## **9 TVISTER**

### **9.1 Forhandlinger**

Dersom det oppstår uenighet mellom partene om tolkningen av denne avtale skal tvisten først og fremst søkes løst gjennom forhandlinger. Dersom forhandlinger ikke fører frem, vedtar partene Sunnmøre Tingrett som verneting.

Denne avtale utstedes i to eksemplarer og signeres av begge parter.

Dato:.....

Dato:.....

Ålesund kommune

Xxx kommune

Rådmann

Rådmann

**VEDLEGG TIL SAMARBEIDSAVTALE MELLOM**

**ÅLESUND KOMMUNE  
OG  
XXX KOMMUNE**

I henhold til samarbeidsavtalen punkt 5.1, andre avsnitt, er det i Xxx kommune

.....

Som har fullmakt til å inngå slik avtale.

Xxx kommune

.....

Rådmann







HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/978
		Arkiv:	014

---

<b>Utvallsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
212/14	Formannskapet	18.11.2014
	Kommunestyret	27.11.2014

### **KOMMUNESTYREVALET OG FYLKESTINGSVALET 2015 - FASTSETJING AV VALDAG**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Ved kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015 vert det halde 1 dags val i Herøy kommune.

Valdagen er fastsett i statsråd til måndag 14. september 2015.

Særutskrift:  
Fellessekretariatet  
Valstyret

**Vedlegg:**

Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 12.06.14

**Saksopplysningar:**

I brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 12.06.14, vert det opplyst at statsråd i møte 6. juni 2014 har fastsett valdagen for kommunestyrevalet og fylkestingsvalet til mandag 14. september 2015.

I følgje vallova § 9-2 (2), kan kommunestyre sjølv med tilslutning frå minst 1/3 av medlemene, vedta at det på ein eller fleire stadar i kommunen skal haldast val også på søndagen før den offisielle valdagen. Om kommunen ynskjer å halde val over 2 dagar, må vedtak om dette fattast seinast samtidig med at kommunestyret vedtek budsjettet for 2015.

**Vurdering og konklusjon:**

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 05.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann


Olaus-Jon Kopperstad  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes



DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

KOMMUNESAKER  
REKLESSEKON

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/978	Saksbeh. HS
13 JUNI 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Stortinget  
Departementene  
Fylkesmennene  
Fylkeskommunene  
Kommunene  
De politiske partiene

Deres ref

Vår ref

Dato

14/2328-6

12.06.2014

### Kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 – fastsetting av valgdag

I statsråd 6. juni 2014 ble valgdagen for kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 fastsatt til **mandag 14. september 2015**.

Hvert enkelt kommunestyre kan bestemme at det i vedkommende kommune skal holdes valg også søndag 13. september 2015.

Kommunene skal ikke underrette departementet om vedtak om en eller to dagers valg.

Med hilsen

Sølve Monica Steffensen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Siri Dolven  
fung. avdelingsdirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*



Assisterende rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/1543
		Arkiv:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
213/14	Formannskapet	18.11.2014
	Kommunestyret	27.11.2014

### GRUNNKJØP VIKE/TOFTEDAL

#### Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner kjøpsavtalen for gnr 36, bnr 3, 68 og 69 mellom Herøy kommune og konkursbuet etter Fosnavåg Trevare Utbyggingsselskap AS ved bubestyrar Per Maurset.

Kostnaden ved grunnkjøpet, 1.200.000 kr med tillegg av dokumentavgift og tinglysingskostnader, vert å finansiere ved låneopptak.

Særutskrift:

- Advokat Per Maurset, Tonningsgata 42, 6783 Stryn
- Økonomiavdelinga
- Anlegg og drift
- Eigedom

## **Vedlegg:**

- Framlegg til kjøpsavtale.
- Reguleringsplan for området.
- Situasjonskart.

## **Uprenta vedlegg:**

- Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Trevare Utbyggingssselskap AS
- Tomtetakst datert 02.10.2014.

## **Saksopplysningar:**

Herøy kommune inngjekk i si tid utbyggingsavtale med Fosnavåg Trevare Utbyggingssselskap AS (FTU) for bustadfeltet Vike- Toftedal. FTU gjekk seinare konkurs før vilkåra i utbyggingsavtalen var oppfylte. Dette gjeld m.a.

- Tekniske anlegg skulle overførast vederlagsfritt til kommunen.
- Eigedom retten til trafikkareal (vegar/gangvegar) og leik/grøntareal skulle overførast til kommunen vederlagsfritt.

I tillegg ligg der 5 tomter som det ikkje er bygd på.

Når det gjeld sjølve konkursen, vart det våren 2003 teke ut krav om tvangssal. Tvangsalet vart avslutta 18. august 2008 utan at sal av eigedomane der her er snakk om, vart gjennomført. Konsekvensen av dette er at eigarforholda til eigedomane i Vike/Toftedal er uavklara då eigaren som juridisk person ikkje eksisterte lenger.

Nordea har eit udekka krav mot FTU. Herøy kommune har difor oppmoda Nordea om å få gjenopna konkursbuet slik at det kunne ordnast opp i eigedomsforholda. Nordea kravde buet gjenopna i brev til Søre Sunnmøre Tingrett 9. desember 2013 og har i prosesskriv av 24.02.2014 gjort greie for bakgrunnen for gjenopning av buet.

Søre Sunnmøre Tingrett gjorde 22.04.14 vedtak om å gjenopne buet.

Eigedomane, gnr 36, bnr 3, 68 og 69, er takserte av Per Mulvik AS v/Ottar M. Skare 02.10.2014. Skare har taksert eigedomane til 1.200.000 kr.

I brev av 28.10.2014 har bustyrar Per Maurset oversendt framlegg til kjøpsavtale basert på taksten.

## **Vurdering og konklusjon:**

Det er viktig for kommunen å få ordna opp i eigedomsforholda i bustadfeltet Vike/Toftedal.

Herøy kommune vil på sikt kunne finansiere grunnkjøpet ved sal av 5 bustadtomter.

Eg rår til at kostnadene vert finansiert ved låneopptak.

## **Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:  
Ingen.

Konsekvensar for drift:  
Herøy kommune får driftsansvar for trafikkareal og tekniske anlegg.

Konsekvensar for økonomi:  
Grunnkjøpet kan finansierast ved sal av tomter.

Fosnavåg, 04.11.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

## KJØPEAVTALE

Mellom Fosnavåg Trevareutbyggingselskap AS konkursbu som seljar og Herøy kommune som kjøpar av eigedomane gnr. 36 bnr. 3, 68 og 69 i Herøy kommune, er det under føresetnad av kommunestyret si godkjenning gått inn fylgjande avtale:

1. Seljar overdreg eigedomane gnr. 36 bnr. 3, 68 og 69 i Herøy kommune til kjøpar.

På avtaletidspunktet er eigedomane fastsett til å ha eit areal på 11.049,5 m<sup>2</sup>.

2. Partane er samde om ein kjøpesum på kr.108,60 kr./m<sup>2</sup>. = kr.1.200.000.- i samsvar med takst av sept. 2014 frå Per Mulvik AS. I tillegg til kjøpesummen svarar kjøpar for dokumentavgift på 2,5% av avgiftsgrunnlaget samt tinglysingsgebyr

Kjøpesummen vert å betale til buet sin konto 6557 05 55450.

3. Kjøpesummen vert oppgjort mot skøyte klar for tinglysing.

4. Det er tale om ubebygd areal, men for ordens skuld vert eigedomane overført i den stand dei har på avtaletidspunktet jf. avhendingslova § 3-9. Seljar kjenner ikkje til skjulte feil eller manglar ved eigedomane og fråskriv seg ansvaret for slike så langt råd er innanfor gjeldande lovverk.

5. Eigedomane kan overtakast av kjøpar når kjøpesummen og tinglysingsutgifter er betalt inn til seljar sin konto.

6. Eigedomane står frå same tidspunkt for kjøpar si rekning og risiko. Kjøpar svarar etter nemnde dato for alle utgifter knytt til eigedomane.

10. Eigedomane vert ovdrege fri for pengehefter.


12. Denne avtala i 2-to-eksemplar, eitt til kvar av partane.

Seljar

Kjøpar


Fosnavåg Trevare Utbyggingselskap AS konkursbu.

Herøy kommune


  
Per Maurset  
bubestyrar

\_\_\_\_\_





**AREALOVERSIKT**  
**36/3: 3309 kvm**  
**36/69: 4147 kvm**  
**36/68: 4680 kvm**





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2012/1517
		Arkiv:	Q50

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
214/14	Formannskapet	18.11.2014

### HAVYARD GROUP AS - AVTALE OM PARKERING

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune fristiller Havyard Group AS frå avtale av 13.9.2012 om kjøp av parkeringsplassar bak rådhuset.

Særutskrift:

Havyard Group AS  
Eigedomsavdelinga, her  
Utviklingsavdelinga, her  
Anlegg- og driftsavdelinga, her

## **Vedlegg:**

### Prenta vedlegg

1. Avtale mellom Herøy kommune og Havyard Group AS
2. Garantierklæring frå Havyard Group AS
3. Brev frå Havyard Group AS

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld avtale mellom Herøy kommune og Havyard Group AS om kjøp av 20 parkeringsplassar i regulert parkeringshus bak rådhuset i Fosnavåg.

Havyard Group AS inngikk i 2012 ein avtale med Herøy kommune om kjøp av 20 parkeringsplassar bak rådhuset, sjå prenta vedlegg 1. Dersom parkeringshuset ikkje er bygd innan 2 år frå partane si signering av avtalen, skal Havyard Group AS betale inn eit fribeløp tilsvarande 20 parkeringsplassar, sjå avtalens pkt. 1 og 2. Som del av denne avtalen har Havyard Group AS avgitt garantierklæring for eit beløp i stort kr. 6 mill, sjå vedlegg 2.

Parkeringshus bak rådhuset er ikkje utbygd. Havyard Group AS har i mellomtida inngått avtale med Sjøside Eigedom AS om kjøp av 30 parkeringsplassar i Gevo-anlegget med Meny. I brev til Herøy kommune ber difor Havyard Group AS om å bli fristilt frå avtalen om kjøp av parkeringsplassar eller innbetaling av frikjøpsbeløp, sjå prenta vedlegg 3.

## **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å fristille Havyard Group AS frå tidlegare avtale om kjøp av parkeringsplassar ved Rådhuset.

Intensjonen med avtalen var å sikre realisering av parkeringsplassar i sentrum, anten gjennom direkte kjøp av parkeringsplassar bak rådhuset eller gjennom innbetaling av eit fribeløp som finansielt bidrag til slik utbygging på seinare tidspunkt.

Avtalen seier ikkje direkte at alternativ framskaffing av parkeringsplassar gir grunn til å annullere avtalen, men rådmannen meiner at den reelle intensjonen med avtalen var å tilrettelegging for auka parkeringskapasitet i sentrum. Når Havyard Group AS no har inngått avtale om kjøp av 30 parkeringsplassar i alternativt prosjekt, er hovudmålsettinga oppfylt.

### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilt konsekvens.

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

### Konsekvensar for drift:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for økonomi:

Fristilling av Havyard Group AS frå avtalen med Herøy kommune inneber at finansieringsgrunnlaget for utbygging av parkeringshus bak rådhuset vert redusert med kr. 6 mill. Dersom prosjektet skal gjennomførast må såleis prosjektet fullfinansierast med kommunale midlar.

Fosnavåg, 11.11.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Robert Myklebust  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust


## AVTALE MED HAVYARD GROUP AS

1.  
Havyard Group kjøper 20 parkeringsplasser\* i regulert parkeringshus bak rådhuset. Kjøpesummen vert fastsett som ein andel av utbyggingskostnadane ved realisering av parkeringshuset. Havyard Group er kjend med at parkeringshuset må dimensjonert for 4 etasjer og andelskostnaden vil omfatte ei slik dimensjonering (jfr. reguleringsplanen). Maks kostnad pr. parkeringsplass er lik frikjøpsordninga jfr, vedtekt vedteken av Herøy kommunestyre datert 16.12.2008 , §69 nr 4 pkt 2.
2.  
Dersom parkeringshuset ikkje er realisert (bygd eller vedtatt bygd) innan 2 år frå dagens dato skal Havyard Group betale inn eit frikjøpsbeløp tilsvarande 20 parkeringsplasser, jfr, vedtekt vedteken av Herøy kommunestyre datert 16.12.2008 , §69 nr 4 pkt 2.
3.  
Dersom partane ikkje vert samde om ein kjøpsavtale innan 2 år frå dagens dato gjeld pkt 2 i avtalen.
4.  
Det er ein føresetnad for avtalen at parkeringsplassane er bundne opp til eigedomen gnr 34 bnr 526. Parkeringsplassane kan ikkje avhendast/seljast utan samtykkje frå Herøy kommune. Herøy kommune kan krevje at det vert tinglyst eitt hefte på gnr 34 bnr 526 som hindrar sal av parkeringsplassar til tredjepart.
5.  
Ved inngått avtale kan Havyard Group søkje om igangsetjingsløyve/bruksendring av parkeringsanlegg i første etasje til kontor på gnr 34 bnr 526.
6.  
Som ein del av denne avtalen skal Havyard Group legge fram ei garantierklæring for eitt beløp i størrelsesorden kr 6 000 000.- (seks millioner kroner) som tilsvarer frikjøp av 20 parkeringsplasser. Garantierklæringa skal leggjast fram for Herøy kommune før avtalen vert signert.

\*Med atterhald at 20 parkeringsplasser er i tråd med parkeringsvedtektene med omsyn til §69 nr 3 pkt 2b.

Dato: 13.9-2012

  
Arrulf Goksøyr  
Ordførar

  
Havyard Group AS

Avtalen er utstedt i 2 eksemplarer, eitt til kvar av partane.





Til Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga

## **GARANTIERKLÆRING**

Saksnr 2012/1517 Q50 – 15.6.2012

I samband med Havyard Group AS sin søknad om igangsetjingsløyve/bruksendring av parkeringsanlegg i første etasje til kontorbygg på gnr 34 bnr 526, og i tråd med Utviklingsavdelinga sitt Notat av 15.6.12 til Formannskapet Herøy kommune, avgir Havyard Group AS slik garantiyklæring:

Vi, Havyard Group AS, aksepterer vilkåra frå Herøy kommune som er satt fram i avtale : AVTALE MED HAVYARD GROUP AS datert 13.09.2012 og garanterer for eit beløp i størrelsesorden NOK 6.000.000 (seks millioner), jfr. Pkt 6 i avtalen.

Fosnavåg 13 september 2012

HAVYARD GROUP AS

130912-Gnr 34/bnr 526-IFu

Rådmann  
Kopi: Utv.  
Anlegg



Unnt. off.

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr 2012/1517	Saksbeh ECRU
21 AUG. 2014	
Ark kode P	
Ark kode S	
Fosnavåg 19.08.2014	Ekst nr 2
Resepsjon	

Herøy Kommune

Att. Ordfører / Rådmann

Fosnavåg 19.08.2014

**Unnateke  
off.heit  
jf.off.l.§ 13**

Parkering Havyard huset

Viser til dagens møte mellom Herøy Kommune og Havblikk Eiendom AS vedr. parkeringsplassar som erstatning for det bortfall som kom ved at gateplanet på Havyard huset vart omgjort frå parkering til kontorplassar.

I møtet vart det gitt ei orientering om at vi har gjort avtale med Sjøside Eiendom AS om kjøp av 30 parkeringsplassar i Gevo anlegget og at vi dermed skaffer om lag 10 plassar meir enn det som var kravet frå Herøy Kommune ved godkjenning av ombygginga på Havyardhuset, noko eg forventer det offentlige ser positivt på med den knappheit som er med parkeringsareal i Fosnavåg sentrum.

Vi anmoder Herøy Kommune å fristille garantien som Havyard Group AS, datert 13.09.2012, har stilt som sikkerheit for parkeringsplassane. Og at vi nullstiller avtalen mellom Herøy Kommune og Havyard Group AS av 13.09.2012.

Legg ved dei aktuelle avtalane.

Ber om at avtalen mellom Sjøside Eignedom AS og Havblikk Eiendom AS vert unnateke offentlighet.

Venleg helsing

Havblikk Eignedom AS / Havyard Group AS

Per Sævik

**HAVILA AS**

Havilahuset

P.O. Box 215, N-6099 Fosnavåg NORWAY

Tel: +47 70 08 45 00, Fax: +47 70 08 45 01

Organisation No: 979366256 MVA

E-mail: resepsjon@havila.no





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/381
		Arkiv:	210

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
215/14	Formannskapet	18.11.2014
	Komite for Helse og omsorg	20.11.2014
	Komite for næring, kultur og idrett	17.11.2014
	Komite for oppvekst	03.12.2014
	Kommunestyret	27.11.2014

### TERTIALRAPPORT PER 01.09.2014.

#### Tilråding frå rådmannen:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

## **Vedlegg:**

### Prenta vedlegg

1. Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe
2. Planoversikt frå Utviklingsavdelinga

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 1.9.2014.

### Bakgrunn

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

### Sjukefråvær

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert i desember 2010. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen. Ny avtale gjeld til 31.12.2013.

### Vedtaksrapportering

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

### Tenesterapportering

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggjarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggjarane.

### Prosjektrapportering

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

## **Vurdering og konklusjon:**

Når det gjeld rapporteringa, peiker rådmannen særleg på fylgjande forhold:

### Organisasjon

Kommunen har hatt ei positiv utvikling i sjukefråveret.

### Vedtaksrapportering

Vedtaksrapporteringa er ikkje fullstendig enno.

### Tenesterapportering

Frå dei ulike avdelingane si rapportering:

#### Anlegg- og driftsavdelinga

Avdelinga peikar på at servicenivået ikkje er på eit akseptablet godt nivå.

#### Barnehageavdelinga

Barnehagane leverer god kvalitet på tenestene.

#### Barn, familie og helseavdelinga

Det har særleg vore utfordringar på legesida og i psykiatrien.

#### Eigedomsavdelinga

Avdelinga rapporterer om bygningsmessige avvik.

#### NAV Herøy

Ingen spesiell merknad.

#### Bu- og habiliteringsavdelinga

Ingen spesiell merknad.

#### Kulturavdelinga

Ingen spesiell merknad.

#### Pleie- og omsorgsavdelinga

Resultata frå brukarundersøkingane i avdelinga var gjennomgåande gode.

#### Skuleavdelinga

Skulen har utfordringar i forhold til å få tildelt timeramme til å halde i forhold til alle behov for tilrettelegging.

#### Utviklingsavdelinga

Ingen spesiell merknad.

### Prosjektrapportering

Ingen spesiell merknad

### Lokalsamfunn

Ingen spesiell merknad.

\* \* \*

Det er nedsett ei arbeidsgruppe som skal vurdere ein revisjon av tertialrapporteringa til neste rapportering.

Fosnavåg, 08.10.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

# TERTIALRAPPORT PER. 1.9.2014

## SJUKEFRÅVÆR

Personalavdelinga rapporterer for organisasjonens samla sjukefråvær, slik:

Avdeling	Fråvær 2. tertial 2014	Korttids fråver 2. tertial 2014	Langtidsfråver 2. tertial 2014
Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærlingar (<20)	8,28	1,54	6,74
Økonomi (>10)	4,5	0,94	3,56
Fellessekr. (<5)	0,55	0,55	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	23,26	0	23,26
Servicetorget (<10)	1,34	0,84	0,5
Utviklingsavd. (<10)	4,76	0,18	0,53
Barnehageavd. (<40)	10,13	3,09	7,59
Grunnskuleavd. (<250)	5,78	1,23	3,97
Anl. og drift (<15)	2,96	2,96	0
Brannvern (<30)	0,04	0,04	0
Helse (<40)	5,66	0,7	4,96
Pleie og omsorg (<300)	9,26	2,23	7,03
Bu og hab. (<75)	12,17	2,25	9,92
Barnevern (<10)	7,09	1,31	5,78
Kultur (>10)	3,31	0,42	2,05
Eigedom (<40)	17,35	1,75	13,85
NAV kommune (10)	17,41	2,14	15,34
Totalt fråvær	7,06	1,23	5,83

Sjukefråveret har ein samla nedgang på om lag 1,5% frå 1. tertial. Dette inneber at Herøy kommune ligg innafør målet om 92,5% nærvær i 2. tertial.

Dersom vi samanliknar med 2. tertial 2013 har vi ein auke i sjukefråveret på 0,5%.

# **STAB- OG STØTTEAVDELINGANE**

# SERVICETORGET

## 1. ORGANISASJON

Ikkje noko å rapportere.

## 2. VEDTAK

Ikkje noko å rapportere.

## 3. TENESTE

Frå og med 01.08.2014 fikk ST tilsett ein ny person. Arbeidsoppgåvene ved servicetorget er også endra – ein har fått tilført oppgåver knytt til marknadsføring. I fyrste omgang vert det fokusert på det nye konserthuset.

Det er i dette perioden ikkje meldt avvik på Servicetorget og ST har heller ikkje meldt avvik på andre i perioden.

Dei faste oppgåvene som skal gjerast denne perioden (transportteneste og kulturmidlar) er handsama etter gjeldande reglar.

Det er ikkje kome inn klager på enkeltvedtak gjort i ST denne perioden.

## 4. PROSJEKT

### Tomtesal

Det har vore roleg på tomtosal denne perioden. Ein har arbeida med tilbakeføring av tomt der byggefrist ikkje er halde. Ein har også bede om takst på «skuletomta» på Leine.

## 5. LOKALSAMFUNN

Servicetorget er kommunen si informasjonseining og det er her mange av innbyggjarane møter kommunen for fyrste gong. I denne samanhengen har servicetorget fokus på:

- God service og oppfølging av kvar enkelt kunde – vi held det vi lover
- Tatt del i fleire språklunsjar ved frivilligsentralen for å informere og vere i dialog med tilflyttarar frå andre land.
- Tilflyttardag
- Halde foredrag for nye landsmenn
- Sakshandsaming skjer utan nødvendig opphald.
- Informasjon på nettsida i den grad organisasjonen eller gir ST informasjon.
- Oppdatert kriseplan

# FELLESSEKRETARIATET

## 1. ORGANISASJON

Ikkje noko rapportert.

## 2. VEDTAK

Ikkje noko rapportert.

## 3. TENESTE

Ikkje noko rapportert.

## 4. PROSJEKT

Ikkje noko rapportert.

## 5. LOKALSAMFUNN

Ikkje noko rapportert.



# PERSONAL- OG ORGANISASJONAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Ny personalleiar tok til i stillinga 01.10.2014.

## 2. VEDTAK

Ikkje noko rapportert.

## 3. TENESTE

Ikkje noko rapportert.

## 4. PROSJEKT

Ikkje noko rapportert.

## 5. LOKALSAMFUNN

Ikkje noko rapportert.

# **IKT-AVDELINGA**

## **1. ORGANISASJON**

Avdelinga har hatt høgt sjukefråver over ei lengre periode. Dette påverkar sjølvstøtt tenesteytinga.

## **2. VEDTAK**

Ikkje noko rapportert.

## **3. TENESTE**

Ikkje noko rapportert.

## **4. PROSJEKT**

Ikkje noko rapportert.

## **5. LOKALSAMFUNN**

Ikkje noko rapportert.

# TENESTEAVDELINGANE

# BARNEHAGEAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Alle barnehagane har HMS plan der tiltak vert sett i verk i samsvar med planen. Revisjon av planane er planlagt gjort hausten 2014.

Det er meldt 3 avvik i Kvalitetslosen 2. tertial 2014. Innhaldet i dei melde avvika er :

1. Personskade, personale
2. Personskade barn
3. Manglande reinhald

Alle avvika er lukka.

## 2. VEDTAK

Ikkje noko rapportert.

## 3. TENESTE

Det er gjennomført tilsyn etter barnehagelova i dei kommunale barnehagane våren 2014. Tilsynet fann ingen avvik etter dei granska paragrafane. Orienteringssak om tilsynet er lagt fram for Komite for oppvekst og Kommunestyret.

Det er full barnehagedekning i Herøy. Nokre barnehagar har ledige plassar medan andre har heilt fullt. Nokre foreldre har takka ja til barnehageplass i ein barnehage medan dei og vil stå på venteliste til den barnehagen dei helst ynskjer plass i. Myrsnipa barnehage treng ekstra bemanning for å kunne ta inn nye barn på venteliste frå desember 2014/januar 2015 .

Det er gjennomført brukarundersøking i både kommunale og private barnehagar i Herøy våren 2014. Gjennomsnittresultatet vart 5,3 (1 er dårlegast, 6 er best) . Dette viser at barnehagane i Herøy greier levere god kvalitet, og greier oppnå same gode gjennomsnittresultat som ved brukarundersøkinga i 2010. Orientering om brukarundersøkinga er lagt fram for Komite for oppvekst og Kommunestyret.

## 4. PROSJEKT

Ikkje noko rapportert.

## 5. LOKALSAMFUNN

Barnehagane ynskjer å framstå med god kvalitet slik at dei kan bidra til vekst og utvikling for den oppveksande slekt. Dei ynskjer vere synlege i nærmiljøet og slik bidra til trivsel for alle i lokalsamfunnet. Dette bidreg barnehagane med ved å ferdast så ofte dei kan i nærmiljøet samt synleggjere noko av aktivitetane sine i media.

Barnehagane bidreg på sin måte til dei gjennomgåande perspektiva i samfunnsdelen av kommuneplanen ved å ha fokus på folkehelse, likestilling, miljø og klima.

# SKULEAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

### Rekruttering og kompetanse

Det er tilsett lærarar med godkjend allmennlærerutdanning eller faglærerutdanning i alle undervisningsstillingar for skuleåret 2014/15.

Det er god kompetanse i alle avdelingar, i høve dei tenestene som skal utførast. Det er likevel behov for etter- og vidareutdanning, for å sikre fagleg kvalitet vidare.

Herøy kommune er no inne i den nasjonale satsinga på ungdomstrinnet, for perioden 1.aug'14 – 30.des'15. Etterutdanninga er skulebasert, med støtte frå Høgskulen i Volda. Tema er relatert til klasseleiing, lesing og rekning.

Barneskulane samarbeider om felles skuleutvikling, i kombinasjon fagsamlingar og skulebasert arbeid, relatert til tema klasseleiing og relasjonar.

Felles overbygning og grensesnitt mellom barnetrinn og ungdomstrinn, med utgangspunkt i skjønnsmidlar for Fylkesmannen. Arbeidstitel «Meir læring for alle».

Vi avslutta i dette tertialet satsinga «Vurdering for læring», med ein eigen sluttrapport, som referatsak til Komite for oppvekst september'14.

### Norskopplæring for vaksne

Internasjonal skule har hatt jamn pågang av vaksne minoritetsspråklege som ønskjer norskoppæring. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarar, men kommunen har også teke mot ei familie med flyktingar denne sommaren. Leiinga og dei tilsette har utvist stor fleksibilitet for å imøtekome behovet, og har siste semesteret hatt undervisning i grupper både på dagtid og kveldstid. Elevmassen er samansett av heile breidda av nivå; frå analfabetar til dei med høgare universitetsksamenar. Etter ein periode med 40% vakanse, har vi no fullt mannskap igjen på skulen.

### PPT

Det er i dette tertialet tilsett to nye medarbeidarar på PPT, i staden for ein som har slutta og ein som har permisjon.

### Herøy kulturskule

Herøy kulturskulen held eit høgt nivå på lærarkompetanse, også ved nyttilsetjingar i sommar. Lokala dei held til i, er langt frå optimale. Tilsette og elevar ventar fortsatt på ei ytterlegare oppgradering av kulturhuset, ut over dei midlertidige tiltaka som er gjennomført. Venting og mangel på avklaring medfører stor slitasje på tilsette.

## 2. VEDTAK

### Politiske vedtak

K-sak 101/14: Årsrapport for Herøyskulen.

### Enkeltvedtak om spesialundervisning i grunnskulen:

63 vedtak etter Opplæringslova §5.1. Ingen klager.

### Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen:

8 vedtak etter Opplæringslova §5.7. Ingen klager.

### Enkeltvedtak om byte av skule til annan skule enn nærskulen:

1 vedtak etter Opplæringslova §8.1 og kommunalt reglement. Ingen klager.

### Enkeltvedtak om grunnskuleopplæring.

Fire vedtak om grunnskuleopplæring for vaksne etter Opplæringslova §4-A. 1 klage, nytt vedtak.

## **3. TENESTE**

### **Grunnskulen**

#### Spesialpedagogiske ressursar

Etter ein vesentleg auke i vedtak om spesialpedagogiske tiltak siste åra, kan det no sjå ut som om vi har greidd å bremse utviklinga gjennom bevisste grep.

Prosentvis elevar med enkeltvedtak:

2010/11: 4,5%

2011/12: 6,3%

2012/13: 7%

2013/14: 6,7%

2014/15: 5,2% (4,3% på barnetrinn og 7,1% på ungdomstrinn)

Målet er ytterlegare nedgang i vedtak, slik at ressursane kan nyttast til å styrke det generelle læringsmiljøet på skulen og i klasserommet. I tillegg til spes.ped., er det også mange andre individuelle behov skulen må møte og handtere.

Somme skular melder no at dei slit med å få tildelt timeramme til å halde i høve alle behov for tilrettelegging, trass i kreativitet og fleksibilitet.

Vi er redd ein sirkel der lite ressursar til tilpassing innanfor det ordinære, fører til meir spesialundervisning, som igjen gir færre ressursar til ordinær undervisning. Skulen har eit ansvar for å gi alle barn utfordringar og læring, uavhengig av nivå.

#### Norskopplæring for minoritetsspråklege elevar

Det har kome fleire minoritetsspråklege elevar til skulestart, ingen av dei kan norsk og dei fleste heller ikkje engelsk. Fire av elevane kjem rett frå flyktningeleir. Fleire er så gamle at dei skal starte rett på ungdomsskulen. Det er ei stor utfordring å lære dei norsk raskt nok til at dei kan hekte seg på den ordinære undervisninga i fag i tilstrekkeleg grad til å kunne gjennomføre avgangseksamen.

Kreative løysingar og effektiv ressursbruk står i fokus, men er ikkje alltid nok. Det er positivt med vekst i kommunen, men det kostar.

#### Læring og utvikling

Alle skulane er i gang med systematisk pedagogisk utviklingsarbeid, under den overordna målsetjinga «Meir læring for alle».

Skuleavdelinga har starta eit strategiarbeid utifrå SWOT-analyse. Formålet er auka læringstrykk og gode læringsresultat, og å ta dei rette grepa mot målet.

I arbeidet framover legg ein mykje vekt på skulebasert utviklingsarbeid, i kombinasjon med utveksling av erfaringar og praksis gjennom nettverk, både på leiar- og lærarnivå. Det er mykje kompetanse ute i skuleavdelinga, som må nyttast på tvers for å "gjere kvarandre gode".

#### **Herøy kulturskule**

Kulturskulen har denne hausten starta med 660 elevplassar og 495 elevar, og er dermed fortsatt den tredje største i fylket både i talet på elevar og aktivitet. Berre Molde og Ålesund er større.

Kulturskulen har ein stabil og dyktig stab, som syter for at kulturskulen er synleg også med konsertar i lokalmiljøet.

#### **PPT**

Dei tilsette har ein god grunnkompetanse, men har likevel behov for opplæring i ein del spesialkompetanse for å kunne yte dei nødvendige tenestene til skular og barnehagar. For tida manglar vi logoped, og må kjøpe desse tenestene privat.

#### **Internasjonal skule**

Det er fortsatt høg aktivitet ved Internasjonal skule. Skulen har jamnt ca 120 elevar, og nye kjem til kvar veke. Nokre fell også frå undervegs, pga arbeidssituasjon eller flytting. Dei fleste er arbeidsinnvandrarar, men vi har også nye flyktningar og såkalla ekteskapsinnvandrarar.

Fire personar med flyktningebakgrunn har starta med grunnskuleopplæring for vaksne. Desse tenestene vert utført av Hareid ressurscenter, felles for kommunane på ytre sørø. Utdanninga er 2-årig.

Det er ei stor utfordring å kunne tilby elevane den fleksibilitet dei har behov for, både når det gjeld tidspunkt for å starte og tidspunkt for når det passar dei å gå på skule. Skulen er langt meir fleksibel enn ein kan forvente, og snur raskt om på planar og arbeidstid for sine tilsette, for å yte best muleg tenester.

#### **4. PROSJEKT**

Ikkje noko å rapportere.

#### **5. LOKALSAMFUNN**

Ikkje noko å rapportere.



# BARN, FAMILIE OG HELSEAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Ikkje noko å rapportere.

## 2. VEDTAK

Ikkje noko å rapportere.

## 3. TENESTE

Avdelinga har no kome i ordinær drift i dei nye lokala. Dette har vore positivt og ein ser at det vil kunne føre til eit endå betre samarbeid i avdelinga. Det vil og kunne føre til betre samarbeid og at ein kjem endå tidlegare inn med tenester for barn og unge som treng tverrfaglege oppfølging. Arbeidet med å få dei ulike fagetatane til å arbeide endå tettare saman vil fortsatt verte prioritert.

Også i dette tertialet har situasjonen på legesida vore utfordrande. Kommunen har fått to nye heimlar, ein ved kvart legesenter. Det er tilsett i heimelen ved Herøy legesenter, mens det ikkje er tilsett ved Myrvåg. Det vurderast her å arbeide opp lista noko over tid og deretter lyse den ledig igjen. Avgjerd på dette skjer i neste tertial. Det er i tillegg tilsett ein lege i den eine hemelen som vart ledig ved Herøy legesenter. Ein heimel er fortsatt ledig og det er inne vikar i den. I tillegg er det ein fastlege som vert pensjonist i januar 2015. Vikarbruken vil derfor måtte fortsette noko framover. Situasjonen har etter dette heller ikkje på nokon måte vore optimal for pasientane utan at det har kome konkrete klager.

Situasjonen innan rehabilitering er fortsatt krevjande då det er eit stort behov for opptrening etter behandling i sjukehus. Dei alle fleste pasientane som er til behandling i spesialisthelsetenesta vert raskt skreve ut til heimen og det er ein forutsetnad at opptening skal starte raskt. Det er problem med å ta nokre av desse pasientane til behandling innan rimelig tid.

Det tverrfaglege arbeidet med bla barnevern, PPT og skule/barnehage har også no vore prioritert, og ein ser at det er ein fordel at skule og barnehage er samlokalisert med Barn-, familie- og helseavdelinga.

Innan psykisk helsevern har det og vore utfordringar i 2. tertial, særleg ved at psykologen har slutta og det har ikkje vorte tilsett ny. Dette har skapt store utfordringar for tenesta. Det har og skapt utfordringar for den øvrige delen av avdelinga som har nytta psykologen i krevjande saker. Elles når det gjeld psykiatritenesta arbeidast det særleg med å få dei unge brukarane inn i gode opplegg. Solheim vert brukt i stadig

større grad. Det er og gode erfaringar med bruk av treningssenter som ein del av tilbodet for pasientane.

Barnevernstenesta har i denne perioden motteke 23 meldinga, ( jf. Eigen rapport). Vi registrerer ei meir bevisst haldning på ansvaret som offentleg tilsette og privatpersonar har for å melde ifrå om uro for barn og unge. Vi undrar oss over samfunnsutviklinga, kva skje når fleire og fleire barn vert utsett for omsorgssvikt.

For tida arbeider barnevernet med:

- 74 barn med hjelpetiltak
- 9 barn/unge under omsorg
- 7 ungdomar på ettervern

I tillegg har vi tilsynsansvar for 13 born, dvs. born som andre kommunar har plassert i fosterheim i Herøy.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde i førre tertial tilsyn med oppfølging av barn i fosterheim ved barneverntenesta i kommunen. Det var ikkje avvik eller merknadar ved dette tilsynet. Vi er glade for resultatet sjølv om vi veit at det alltid vil vere forbetningsområde også på dette området.

Arbeidstilsynet i Møre og Romsdal har og hatt tilsyn innan barnevern og helsestasjonen/skulehelsetenesta i dette tertialet. Hensikten med desse tilsyna var å rette spesiell oppmerksomhet mot hvordan ledelse, verneombud og tillitsvalgte samarbeider for å få til gode arbeidsbetingelser og et helsefremmende arbeidsmiljø. Det vart ikkje ved desse tilsyna grunn til å varsle pålegg.

Det er svært viktig at kommunen har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor, at denne vert ei prioritert satsing i kommunen. Det er også viktig at Herøy kommune har sterk fokus på tidleg intervensjon.

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen i 1. tertial. Årsaken til dette er nok i større grad ei noko manglande aktiv bruk av Kvalitetslosen enn at det ikkje har vore avvik som kunne ha vore meldt.

#### **4. PROSJEKT**

Geriatrikompetanseprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Møre og Romsdal, Helse Midt, Sande og Herøy kommunar. Frå kommunen er det og deltaking frå Pleie og Omsorg. Prosjektet er i ei avslutningsfase og det har vore arbeida aktivt for å få vidareført mellom anna fagdagen i regi av Sju-stjerna helse og omsorg. I samarbeid med dei involverte deltakarane vart det vedteke å forlenge prosjektet noko, dette særleg for å få iverksett eit godt samarbeid elektronisk mellom kommunane og helseføretaket. Eigen sak om leasing av konferanseutstyr vil vere til handsamling i kommunestyret i 3. tertial.

## **5. LOKALSAMFUNN**

Tilsette i avdelinga deltek og informerar om avdelinga i ulike lag og foreiningar. Det har og vore aktiv deltaking frå avdelinga i Bulystprosjektet, ikkje minst ved bedriftsbesøk.

# PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

### Øyeblikkelig hjelp døgn

Det var første sommaren med ansvar for dette tilbudet i sjukeheim. For å sikre ei forsvarleg dekning av sjukepleieressursar vart det gjort avtale med vikarbyrå ved avdeling A. Avdelingsleiar vil lage ein kort evalueringsrapport om erfaringane og kostnadane ved dette.

### Tidsklemme

Ny arbeidsmåte ved bruk av helsenett, og det å lære og erfare ny programvare i fagprogram og smarttelefon i heimetenestene er tidkrevjande. Ting går seinare ei stund før dei ender opp med å gå raskare.

Alle avdelingane opplever generelt auka arbeidstempo etter innføringa av samhandlingsreforma, og spesielt personalet i deler av heimesjukepleien gir uttrykk for det. Dette går på mange oppdrag på vakter, og auka kompleksitet hos den enkelte pasient. Leiarane ber om auka grunnbemanning, og seier at det ikkje er godt nok å leige inn ekstra frå vakt til vakt fordi dei då ikkje får tak i fagfolk, og at arbeidsmengda generelt har stramma seg til over tid. Korttidsinnleige fører til ofte til overtid for fast tilsette.. Arbeidstilsynet er inne i saka om tidsklemme i høve heimetenestene.

Vi ser også at arbeidet med demente som krev skjerming er vanskelig, både i høve kompetanse og behov for ekstra personellressursar. Kunnskap er viktig for å takle utfordringane, og mange av våre tilsette er med på opplæringsprogrammet «Tvang – helst ikke» i regi av Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse.

I perioder er det behov for å sette inn ekstra personal på sjukeheimsavdelingane. Dette er viktig for å ivareta arbeidsgivaransvaret. Leiar for avdeling B melder om behov for meir ressursar i form av «gledesspredarar» på kveldstid 17:30 – 20:30 kvar dag og frikjøp av fagkoordinator i 20% stilling. Ho viser også til utfordringar på natt, men seier at på nattevakt vil eit ekstrainnleige ved ekstra utfordring frammleis vere beste løysinga. Ein evt. ressursauke her må vurderast spesielt opp mot avdeling blå, men også dei andre sjukeheimsavdelingane.

Pleie- og omsorgsavdelinga har ein 25 % stillingsheimel som har vore halde vakant i håp om å kunne knytte denne til ei stilling for å få ein kreftsjukepleiar. Ein kan ikkje halde denne vakant lenger, og eg ser at ressursane bør brukast til intern fordeling for å løyse påtrengande behov. Dette er på langt nær nok til å dekke behova som er meldt. Vidare diskusjon om bruk av ressursar må takast med rådmann og tillitsvalte.

### Rekruttere og behalde

Mange seniorar skal snart erstattast, og det er eit spenningsmoment korleis ein skal greie å rekruttere fordi der er lite reelle søkjarar på stillingar. Nokre av våre fast tilsette har gått over til anna type arbeid. Det er viktig å kunne tilby fast stilling opp mot full stilling. Dette er vi ikkje i mål med.


Positivt er det at studentane og lærlingane gir god evaluering av praksisen dei får, noko som er viktig for framtidig rekruttering.

## 2. VEDTAK

Avdelinga er sentral i arbeidet med oppfølging av helse- og omsorgsplanen. Vidare i saka om gul avdelinga, der eigedomsavdelinga er saksansvarleg.

## 3. TENESTE

Avvik i andre tertial :



Avviksrapporteringa er stabil. Målsettinga er at den skal vere aukande. Mange meiner dei ikkje har tid til å rapportere avvik. Rapportering av avvik handlar om å arbeide systematisk med forbetring, sjå ting i samanheng over tid. Det er også ein viktig dokumentasjon, og personalet i pleie- og omsorg vert oppmoda om å nytte seg av dette. Sjølv om pleie- og omsorg er best i Herøy når det gjeld å arbeide med avvik er vi ei båt lengd etter dei beste i landet. Men så lenge avviksrapportering ikkje vert etterspurt av overordna administrativ og politisk leiing vil personalet heller ikkje vurdere det som viktig nok til å prioritere å bruk tid på det. Det hadde vore fint om politikarane definerte kva dei ville vite, og at alle brukte same tabell.

Mange avvik handlar om medikamenthandtering, og her er mange feilkilder. Sjukeheimsavdelingane var med på den nasjonale Pasientsikkerhetskampanjen om dette temaet i fjor, og heimetenestene er med no i vår. Det er venta at det vil gi positiv effekt, men det er klart at dette må ha framleis fokus.

Elles har avdelingane fokus på ernæring og meir kunnskap om korleis ein kan unngå bruk av tvang og makt.

### Tenestekapasitet:

Beleggsprosent	1 tertial	2 tertial	3tertial
Sjukeheims plassar	99,78 %	97,78 %	
Øyeblikkelig hjelp	16,5 %	17 %	

Beleggsprosenten på dei to øyeblikkeleg hjelp plassane skulle gjerne ha vore høgare. Avdelinga var representert på ei nasjonal konferanse i Oslo i juni. Herøy ligg på landstrenden som viser at det går seint å få etablert tilbodet. Forskinga viser at ordninga med tilbodet i eigen sjukeheim er det som vert mest nytta. Ved interkommunale tilbod er det den kommunen har tilbodet som nytter det mest. Erfaringane med bruken så langt vil verte gjort kjent for legane og ein vil vurdere om ein bør gå ut med ny informasjon i lokalavisa.

Det vart gjennomført brukarundersøking for pasientar i heimeteneste og sjukeheim like før sommaren. Resultatet var gjennomgåande godt og låg over landsgjennomsnittet for dei få kommunane som hadde brukt undersøkinga. Pasientane var stort sett fornøgde, sjølv om ein del gjerne ville hatt meir hjelp. Resultatet vart lagt fram for politisk behandling i september 2014.

### Avslag / klage

Det er gitt 10 avslag på teneste. Og det er registrert 1 klage

## 4. PROSJEKT

Avdelinga er med i eit fleirårig interkommunalt velferdsteknologiprojekt

## 5. LOKALSAMFUNN

Institusjonane har godt samarbeid med fleire frivillige aktørar som står på i år etter år. Ein vil gjerne ha kontakt med fleire då nokre av bebuarane ynskjer endå meir aktivitet. Pårørande er velkomne til å bidra til å lage felles hygge om nokon kan tenkje seg å bidra med det.

Ungdomsskuleelevar har arrangert spelekveld(x-boks) for pasientane. Det vert jobba for å få dette som eit fast tiltak. Det er positivt at dei unge får innblikk i livet på ein sjukeheim.

Eldrebølgen med gåturar frå begge omsorgssentra er eit svært positivt tiltak som fremjer folkehelse.

Lokalavisa har jamnleg innslag frå sjukeheimane. Vi får positivt omdømme gjennom filmminnslaget som medieelevar ved høgskulen i Volda laga i samband med x-boksspelinga. Det har vore brukt både på regionalt og nasjonalt nivå

# BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Ikkje noko rapportert.

## 2. VEDTAK

K-sak 36/14	Utlysing av konsesjon på BPA	Ikkje satt i verk per d.d.
K-sak 86/14	Løn i støttekontaktenesta	Satt i verk

## 3. TENESTE

### Avvik

Det er meldt 27 avvik i kvalitetssloven i perioden. Det er to færre enn 1.tertial, men likevel eit greitt tal som viser at dei tilsette har begynt å nytte avviksmodulen. I årsplanen har vi mål om at alle tilsette i 2014 skal melde minst 3 avvik. Dette er viktig for å lære seg å vere kritisk til eigne rutinar og betre kvaliteten i tenesta.

Avvika som er meldt går i hovudsak på avvik knytt til medisinerutinar, eller brukarrelaterte hendingar. Forbetringar vert drøfta mellom anna på fagdagar og tiltak vert sett i verk lokalt, og deretter lukka av mellomleiarane.

### Enkeltvedtak handsama i perioden 01.05.14 – 31.08.14

Teneste: 46 saker

Sakene er fordelt slik:

Avlastning i institusjon: 2 saker  
Avlastning utanfor institusjon: 1 sak  
Praktisk bistand; daglege gjeremål: 2 saker  
Praktisk bistand; opplæring daglege gjeremål: 6 saker  
Praktisk bistand; dagtilbod: 8 saker  
Praktisk bistand: BPA: 1 sak  
Støttekontakt: 13 saker  
Omsorgsløn: 2 saker  
Individuell plan: 2 saker  
Vaksenopplæring: 9 saker

Avslag:

Vaksenopplæring: 7 avslag



Klage:

0 klager i perioden.

Øvrig:

Ingen tilsyn i perioden.

#### **4. PROSJEKT**

Ikkje noko rapportert.

#### **5. LOKALSAMFUNN**

Rådmannen og bu- og habiliteringsleiar følgjer opp behovet for utviding av dagtilbodet til fleire unge og eldre innbyggjarar i Herøy kommune. Vi har per i dag ein dialog både NAV og Herøy vidaregåande skule om framtidig samarbeid for å legge til rette for eit meir heilskapleg og framtidsretta tilbod. Eit prosessnotat er under arbeid.

# NAV HERØY

## 1. ORGANISASJON

Det har vore ei vakant stilling ved NAV Herøy, knytt til oppfølging av personar med nedsett arbeidsevne og søknadar om økonomisk stønad. Dette har ført til ei meirbelastning på dei andre tilsette. Ny person er no tilsett og startar i stillinga 1.11.2014.

## 2. VEDTAK

### **Vedtak 2013/1318: Mottak av flyktingar i perioden 2014-2016**

Herøy kommune busette 8 personar i 2 tertial. Dette var ei familie frå Syria på 8 personar, som kom som overføringsflyktingar frå ein flyktingleir i Libanon.

## 3. TENESTE

Det er ikkje rapportert avvik i 2. tertial. Det er ikkje motteke klager på tenestene i 2. tertial.

## 4. PROSJEKT

Prosjekt Barnefattigdom: NAV Herøy fekk på sommaren 2014 kr 500 000 til samarbeidsprosjekt med Herøy vgs. Prosjektet blei starta i april 2013, men då for egne midlar. Prosjektet starta opp att etter sommarferien ved skulestart i august. Det skal vere ei halvårsevaluering ved årsskiftet som vil gje ein oversikt og status på arbeidet.

## 5. LOKALSAMFUNN

NAV Herøy har hatt kontakt med 50-60 arbeidsgjevarar i 2. tertial. Dette omhandlar både bedriftsbesøk, oppfølging av arbeidstakarar ute i praksis, hjelp til rekruttering og formidling av arbeidskraft, samt informasjon og rettleiing om ulike tiltak og tilskot.

# KULTURAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Kulturkontoret, frivilligsentralen og folkebiblioteket har normal drift.

Herøy kulturhus og Herøyhallen

### Bakgrunn:

Arrangementsleiar og tilsynsvaktene ved Kulturhuset og Herøyhallen, har som oppgåve å legge til rette for dei aktivitetar, arrangement, ansvars- og tenesteområder som er lokalisert der. Dette inneber, i tillegg til drift av kulturhuset og idrettshallen, også tilrettelegging for interne/eksterne leigetakarar, samt frivillige lag og organisasjonar.

### Leing og drift:

I 2013 gjorde kommunen ei endring i organisasjonen ved kulturhuset som innebar at ordninga med dagleg leiar i 100 % stilling, vart endra til 100 % stilling som arrangementsleiar. For nødvendig nærleik til oppgåver og samarbeidspartar har arrangementsleiar hatt kontor ved Rådhuset i største delen av 2014.

Den primære grunnen til etablering av stilling som arrangementsleiar er å sikre god fagleg kompetanse til framtidig drift av Fosnavåg konserthus, samt til generell utvikling av kulturtilboda for å gjere kommunen til ein trivelig og attraktiv stad å bu.

Endringa har allereie ført med seg ein oppsving i kulturtilbod, spesielt i form av konsertar og kino. Frå oktober -14 vil tilsvarande tilbod bli å finne i Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino.

### Driftsutfordringar:

Endring i leing og drift har òg gitt utfordringar, og då knytt til den daglege drifta ved kulturhuset. Ei viktig årsak er at arrangementsleiar, har ansvar for å ivareta kulturfaglege interesser ifm. bygging av konserthus og kino, samt ei mengde oppgåver knytt til komande drift og utvikling av konserthus og kino, i tillegg til tilsyn, koordinering og drift av kulturhuset i tida mellom 08:00-16:00 (kvardagar).

Tilsynsvaktene arbeider primært i tidsrommet 16:00-22:30 (kvardagar). Arbeidstida er samanfallande med når frivillige lag og foreiningar utøver sin aktivitet på huset.

Konsekvensen av dette er at kulturavdelinga ikkje har tilgjengelege ressursar ved kulturhuset i heile opningstida, samt ifm. mottak av varer, koordinering, vedlikehald, evakueringsansvar, oppfølging av tekniske anlegg, publikumsmottak m.m.

I løpet av 2014 har vi erfart at mangel på nærvær dagtid viser ai auke i rot og hærverk. I tillegg registrerer vi noko misnøye hos samarbeidspartar og publikum.

Kulturavdelinga har prøvd ut, samt er i ferd med å vurdere, ulike løysingar for å legge til rette for at dei daglege driftsoppgåvene blir ivaretatt. Vi erfarer at dette viser seg vanskeleg innafor

gjeldande rammer, då god drift krev dedikerte ressursar, meir enn at «nokon kan svare på spørsmål frå publikum og ta i mot varer». I tillegg gjer situasjonen at utgiftene til ekstrahjelp og overtid tidvis har vore høge.

#### Nyttegrad:

	Kvardag, dagtid	Kvardag, kveld	Helg	Merknad
Festsalen	Variabelt  (primært kulturskulen og den kulturelle skulesekken)	Variabelt  (bl.a. kino)	Variabelt  bl.a. kino: Laur: 50 % Søn: 93 % (1.1-15.9.14)	Nyttegraden vil gå noko ned når kino og større kultur-arrangement vert flytta til konserthuset. Kulturskulen har signalisert at dei vil auke bruk av salen når det som er nemnt over vert flytta.
Idrettshallen	85 %  (YHU, HVS, barnehagar)	100 %	70 % (1.1-7.4.14)	
Kafeen	100 %	100 %	100 %	Leigd ut til IKT-avdelinga
Ungdomsklubben	Sjeldan	Alle dagar. Juniorklubb, PU-klubb, samt dans, korps og liknande.	Fredagsklubb, elles sjeldan.	Grunna byggearbeid ifm Sunnmørsbadet er ungdomsklubben stengt for fredagsklubb, juniorklubb og PU-klubb hausten 2014. Årsaka er ikkje godkjende rømningsvegar, manglande ventilasjon og vasskader. Dagens bruk av fritidsklubben er til vurdering, med mål å nytte klubben til meir aktivitet for born og unge enn kva som er tilfelle i dag.
Fellesareal	Primært i tida 14:00-16:00	Variabelt	Variabelt	Elevar ved ungdomsskulen nyttar kulturhuset i mens dei venter på aktivitet i kulturskulen og idrettshallen. Erfaring viser at ventetida bør ha tilsynsvakter til stades.

#### Kommentarar til nyttegrad:

- Interne leigetakarar betalar halv leigepreis pr. 2014. Leigesatsane er under revidering.

- Lag og foreiningar betalar ikkje leige for øving/trening
- Idrettslag betalar leige ved kampar i hallen
- Herøy vidaregåande skule betalar leige for gymtimar i idrettshallen

#### Opningstid vs. arbeidstid:

	Kvardag	Helg	Merknad
Opningstid	08:00-22:30	10:00-23:00	Opningstid heng saman med aktivitet.
Arbeidstid	16:00-22:30	10:00-17:30	Tilsynsvakter på arbeid

## 2. VEDTAK

Ikkje noko rapportert.

## 3. TENESTE

Ikkje noko rapportert.

## 4. PROSJEKT

- Bygging av kinokiosk til Fosnavåg kino

#### Status:

Arbeidet er i slutfasen. Deler av investeringane vart gjort i 1. kvartal for å sikre eit godt kiosktilbod ved kulturhuset mens kinoframsyingane var der.

- Forarbeid til drift av kulturarrangement i Fosnavåg konserthus

#### Status:

Kulturavdelinga har blant anna arbeidd med å: fylgje opp byggearbeidet knytt til kommunen sitt komande driftsansvar, fylgje opp avtalar for å sikre god drift og samhandling med andre involverte aktørar, forberede tilsetningar, planlegge og booke arrangement, utarbeide visuell profil.

## 7. LOKALSAMFUNN

### Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling

- 6: Det skal leggjast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg

#### Status:

Planlegg tiltak med mål å legge til rette for at potensielle tilbydarar av lokale kulturtilbod kan selje sine tenester.

- 18: Vidareutvikle Heid tursti og område rundt

#### Status:

Arbeidet vart starta opp sommaren 2014.

### Kompetanse og næringsutvikling

- 1: Herøy kommune skal byggje sterke fagmiljø i organisasjonen.

#### Status:

Kulturavdelinga har, med støtte frå servicetorget, sett fokus på informasjon og kommunikasjon av kulturaktivitetar på sosiale medier og websider.

- 17: God drift og vedlikehold av kommunal bygningsmasse.

Status:

Kulturavdelinga gjennomfører ein gjennomgang av drifta ved kulturhuset, inkludert ei omfattande rydding av heile bygget.

- 19: Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter.

Status:

Saman med styret for kulturhuset og eigedomsavdelinga har kulturavdelinga starta drøfting og planlegging av framtidig drift og innhaldsproduksjon ved kulturhuset. Etablerte og potensielt nye aktørar skal involverast i arbeidet.

### Infrastruktur

- 16: Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa.

Status:

Det er sett av kr. 100 000 i investeringsmidlar til formålet. Fleire lag og foreiningar planlegg skilting/merking/tiulrettelegging inneverande år.

### Rekruttering, busetting og inkludering

- 2: Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarar har med seg frå heimlandet.

Status:

Månadleg «mat og prat» aktivitet i regi av Frivilligsentralen

### Barn, unge og identitetsbygging

- Målsetjingar: Kommunen skal sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt: tryggleik, mangfald, kvalitet, førebygging og kompetanse.

Status:

Folkebiblioteket, frivilligsentralen og kulturavdelinga legg til rette for - og tilbyr eit mangfald av aktivitetar for barn og unge kvar veke.

- Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid (...)

Status:

Det er sett i gong planprosess for Herøy gard med omkringliggende område med mål om vidare utvikling området.

## **Vurderingar: (under teneste)**

### **Kultur**

- Kulturavdelinga nyttar aukande mengde ressursar i planlegging, utforming og innhald knytt til Fosnavåg kulturhus og kino. Dette har konsekvensar for den daglege drifta ved kulturhuset.
-

# UTVIKLINGSAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Ikkje noko rapportert.

## 2. VEDTAK

Ikkje noko rapportert.

## 3. TENESTE

### Byggesaker

Frå og med 2004 starta utviklingsavdelinga med føring av ein relativ komplett statistikk for bygge-, dele og dispensasjonssaker både når det galdt innkomne og behandla saker.

### SAKSOVERSIKT 2013

	Innk.sak.	Beh.sak.					<b>SUM</b>
<b>År</b>		Disp.sak	Delesak	Byggesak**	Klagesak	Andre *	
<b>1.terts.</b>	<b>164</b>	<b>12</b>	<b>16</b>	<b>78</b>	<b>3</b>	<b>17</b>	<b>126</b>
<b>2.terts.</b>	<b>184</b>	<b>14</b>	<b>23</b>	<b>102</b>	<b>1</b>	<b>8</b>	<b>148</b>
<b>3.terts.</b>	<b>185</b>	<b>12</b>	<b>22</b>	<b>151</b>	<b>0</b>	<b>21</b>	<b>206</b>
<b>Sum 13</b>	<b>533</b>	<b>38</b>	<b>61</b>	<b>331</b>	<b>4</b>	<b>46</b>	<b>480</b>

### SAKSOVERSIKT 2014

	Innk.sak.	Beh.sak.					<b>SUM</b>
<b>År</b>		Disp.sak	Delesak	Byggesak**	Klagesak	Andre *	
<b>1.terts.</b>	<b>214</b>	<b>10</b>	<b>19</b>	<b>128</b>	<b>4</b>	<b>17</b>	<b>178</b>
<b>2.terts.</b>	<b>182</b>	<b>9</b>	<b>19</b>	<b>119</b>	<b>3</b>	<b>8</b>	<b>158</b>
<b>3.terts.</b>							
<b>Sum 12</b>	<b>396</b>	<b>19</b>	<b>38</b>	<b>247</b>	<b>7</b>	<b>25</b>	<b>336</b>

\* Konesjonssaker, seksjoneringar, bruksendringar, høyringsuttalar, forhandskonferanse m.v.



\*\*Pbl §20-1, Pbl §20-2, Rammeløyve, Ferdigattest, Mellombels bruksløyve, igangsetjingsløyve, dispensasjon\_byggesak

Statistikken viser at ein i 2. tertial 2014 har behandla 158 saker og det har kome inn 182 saker i same periode.

## Behandlingstider

Den førte statistikken for 2. tertsial viser elles at (1 tertsial -14 i parentes):

- 100% (95 %)av delesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- 84% (84%) av byggesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- gjennomsnittleg behandlingstid for dispensasjonssakene har vore på 13 veker







## Oppmåling

Oversikten nedanfor viser oppmålingsforretninger frå 2002 og fram til i dag.

	1. tertsial	2. tertsial	3. tertsial	Heile året
Forretningar 2002	24	36	30	90
Forretningar 2003	32	28	18	78
Forretningar 2004	19	19	17	55
Forretningar 2005	33	22	36	91
Forretningar 2006	34	42	56	132
Forretningar 2007	44	31	35	110
Forretningar 2008	33	61	31	125
Forretningar 2009	54	29	27	110
Forretningar 2010	25	29	27	81
Forretningar 2011	25	25	48	98
Forretningar 2012	28	52	35	115
Forretningar 2013	36	38	36	110
Forretningar 2014	27	33		60

Pr 01.09.2014 er der 19 saker (16 i 1. tertsial 2014), levert til oppmåling, som ikkje er fullført. 9 av sakene er under arbeid. Gjennomsnittleg behandlingstid i 2. tertsial 2014 er 19 veker (18 veker i 1. tertsial 2014).



## 4. PROSJEKT

### Planarbeid

Status for dei ulike planoppgåvene går fram av eige vedlegg, men ein del oppsummerande kommentarar er teke med i det som følgjer nedanfor:

### Til planstatusoversikten

Ved rapportering av planstatus pr. 30.04.14 stod det 28 planoppgåver på lista.

- 1 planoppgåver er registrert avslutta i siste rapporteringsperiode (Reguleringsendring for Kvalsund/Teige).

Følgjande planoppgåver ligg hos Fylkesmannen som klagesak og er ikkje registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan Nærøya, fortau veg og kryss
- Detaljreguleringsplan Verket

Følgjande klagesak er registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan Frøystad 2

Det har i løpet av 2 tertsial 2014 har det kome til 8 nye planoppgåver:

- Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn\*
- Detaljreguleringsplan Hjelmeset 3\*
- Reguleringsplan for Herøy gard
- Reguleringsendring Trolldalen
- Reguleringsendring Koparstad
- Reguleringsendring Jensholmen båtlag
- Reguleringsendring Myklebust vest II
- Detaljregulering Eggesbø 37/222 m.fl

\*Ny behandling pga. fylkesmannen sitt opphevingsvedtak.

Ein har desse planoppgåvene:

Planoppgåver pr 31.12.13	28
Planoppgåver, nye	8
<u>Sum</u>	<u>36</u>
Planoppgåver, avslutta	1
Planoppgåver, klagehandsaming	2
<u>Sum planoppgåver</u>	<u>34</u>

Planoppgåver pri 1 – 13 stk ( inkl 7 kommuneplanar, delplanar, temaplanar)  
Planoppgåver pri 2 – 8 stk  
Planoppgåver private – 12 stk

Ein kan legge til grunn at antal planoppgåver vil auke i 2015.

### **Kartverk/arbeid med kartverk**

#### Generelt

Generelt har ein fokus på generell utvikling av kartsystemet, intern brukarstøtte på programvare og å betre funksjonaliteten. Tilrettelegging for nye plattformer ([www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)) på mobil og nettbrett er fokusområder for avdelinga på kartsida. Vidareutvikling av planarkiv på nett står i fokus i tida som kjem. Oppmålingsavdelinga følgjer og opp seksjoneringssaker som kjem til kommunen. I tillegg bistår ein eigedomsavdelinga i diverse saker vedk. grunnkjøp/sal/etablering av nye tomter.

#### Adresseprosjekt

Store delar av Bergsøya fekk tildelt nye gateadresser I 2009. Prosjektet vil gå vidare til alle eigedomar i Herøy har fått gateadresser og er eit prioritert arbeid ved avdelinga.

#### Andre prosjekt

- Innføring av nytt høgdesystem – under arbeid
- Kvalitetslosen, eit auka fokus på å legge inn aktuelle rutiner.

## **5. LOKALSAMFUNN**

Ikkje noko rapportert.

# ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA

## 1. ORGANISASJON

Ikkje noko rapportert-

## 2. VEDTAK

Ikkjwe noko rapportert.

## 3. TENESTE

### Generelt:

Alle tenestene innan drifta som Anleggs- og driftsavdelinga er tillagt ansvaret for er tenester som opptek folk flest, næringsliv, lag og organisasjonar. I mange høve vil kvaliteten på desse tenestene vere det desse forbind med god eller dårleg service frå kommunen si side. Sjølv om fleire av tenestene har vorte vesentleg forbetra dei siste åra, er det langt igjen før ein kan seie at servicenivået er på eit akseptabelt godt nivå. Bakgrunnen er i hovudsak at aktiviteten må prioriterast innanfor avgrensa ressursar.

### DRIFT:

#### Førebygging av brann og ulykke (5061) (TL)

##### Generelt:

Kommunen har om lag 65 brannobjekt med lovpålagt årleg brannsyn. Det har vore ei utfordring å få kontinuitet i tilsyna og ein har ikkje klart å oppfylle kravet om årlege tilsyn. Det er no tilsett ein person i heil stilling for m.a. å ta seg av tilsyna. Ein vonar såleis å oppfylle kravet om tilsyn. Utanom lovpålagde tilsyn med brannobjekt vert det gjort eit godt førebyggande arbeid. M.a. kan nemnast:

- årlege sløkkeøvingar/brannopplæring for 6. klassene i kommunen
- opplæring og øving i brannsløkking for pleie- og omsorgspersonell (institusjonane) og personell i Eigedomsavdelinga
- "Brannvernveka" med open brannstasjon
- deltaking på Redningsselskapet sitt arrangement "Forebyggande seilas" - eit arrangement for å gi 6. klassingar (ca. 120 elevar + lærarar) opplæring om brann, politi, førstehjelp og redningsskøyta

Hausten 2011 vart det starta forebyggande forum på Ytre Søre. Det er ein samarbeid mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven på brannside. Her vil ein standardisere dokument og måten å gjennomføre branntilsyn på slik at praksisen vert lik i heile regionen. Ein har også faglig utveksling av kunnskap mellom kommunane. Forumet har hatt 2 årlege samlingar.

Avvik/manglar:

Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt pr. i dag.

Løysing av avvik/mangel:

Det er no tilsett personell i full stilling så ein vonar å oppfylle lovkravet innan rimeleg kort tid.

### **Brann- og ulukkesberedskap (5061) (TL)**

Generelt:

Tenesta omfattar brann- og ulukkesberedskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med mannskapsbil (brannbil) og 20 deltidss brannmannskap tilknytt. Bistasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og omlag 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkesberedskapen å vere rimeleg god. Brannvernet har hjartestartar i beredskapen. Den seinare tida har redning kome sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulansse). Dette vert det ikkje mindre av framover og brannvernet vil også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarde/lungeredning). Herøy brannvern har fått 2 oljevertilhengarar som er stasjonert ved Myrvåg stasjon. På den eine hengaren er det ein boombag med 150 meter havlenser og på den andre oljevertilhengaren er det 175 meter hamnelenser. Herøy brannvern er mellomdepot og skal via vår oljevertilhengar i Myrvåg også serve nabokommunene på Søre Sunmøre. Revidert brannordning vart politisk vedteken i Herøy kommunestyre i K-sak 31/14 den 27.03.14. Revidert brannordning legg opp til 5 delt brannvakt både på vaktlaget ved Fosnavåg stasjon og på tankbilsjåførane ved Myrvåg stasjon.

Avvik/manglar:

Brannvernet har dei siste åra slite med meirforbruk grunna underbudsjettering. Gammal tankbil og brannbil har medført auka kostnader til reparasjonar. Ny tankbil og brannbil er ebstilt og vert leverte våren 2015. Rekruttering til brannvernet er utfordrande. I 2015 går 2 av 5 befal av med pensjon. Krava til utdanning av befal er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell. Det vert satsa på opplæring av personell som alt er tilsette i brannvernet/kommunen

Løysing av avvik/mangel:

Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga/utvide beredskapen og til opplæring av mannskap og befal dei næraste åra.

### **Feiing (5062) (TL)**

Generelt:Løysing av avvik/mangel:

Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Det er omlag 800 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Talet på abonnentar som ikkje får feiing pga. manglande tilrettelegging går ned kvart år. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

Dei som enno ikkje har lagt til rette for feiing, vil få nytt skriftleg pålegg i 2014 om å ordne forholdet. Dei som innan ein nærare angitt frist ikkje rapporterer tilbake at dei har gjennomført pålegget vil måtte få fyringsforbod. Dei som ikkje har lagt til rette for feiing får ikkje tilbod om feiing.

### **Idrett (Ansvar 5125) (JRG)**

Tenesta omfattar ulike friområde, Havila stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turløype, Leikong kunstgrasbane, Munkvoll stadion på Moldtustranda og Heidbana på Bergsøya.

#### Generelt:

Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av desse. Brorparten av daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga.

Løpebaner på Havila stadion er i rimeleg god stand etter at nytt banedekke vart lagt for ein del år sidan. Merkinga viser derimot noko slitasje.

#### Avvik:

Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

#### **Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)**

Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein m.a. behov for anleggsgartnartjenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller. M.o.t. beplantning er det og eit visst behov for utskifting og fornying.

#### Avvik:

Behovet for anleggsgartnartjenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

#### **Hamner (5123) (JRG)**

Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

#### Generelt:

Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leiderar manglar nokre stadar. Skilting av kaiene er ufullstendig. I 2013 vart det kjøpt og installert nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. Ein ser føre seg at system for straumlevering også vert oppdatert/utskifta på dei andre kaiene. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein inngått ein formell driftsavtale med privat firma. Avtalen omfattar også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og

avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2015.

#### ISPS:

I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal mottok i 2012 ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

#### Hamneavgifter:

Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Ein målset seg å legge fram sak om hamneavgifter og organisering i løpet av hausten 2014.

#### Avvik:

1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Manglar ved starumforsyningsanlegga.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.

### **Vegvedlikehald (5122) (JRG)**

Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald av kommunale vegar.

#### Generelt:

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørsmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra inkludert planlagt asfaltering inneverande år, vil **resterande veglengde for grusvegar vere omlag 9 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusvegar. Ut frå ei fagleg vurdering er største utfordringa på vedlikehaldssida reasfaltering av vegar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Dette medverkar til å vanskeleggjere vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Bereevna til ein del av dei kommunale vegane er av ein slik art at det for fleire strekningar vil vere påkrteva med forsterking før reasfaltering kan finne stad. Veggrøfter manglar i stor utstrekning.

Vegbudsjettet har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfting samt anna generelt vegvedlikehald. Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.

#### Avvik:

1. Grøfting/drenering
2. Reasfaltering inkl. naudsynte forsterkingar
3. Faste dekker på grusvegar

### **Avlaup (kloakk) (5131) (FA)**

Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/ slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på **kommunalt** avlaup/kloakkanlegg.

#### Generelt:

Ein har i dag 28 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget på RA1 Kleiva, så vart det starta bygging av silanlegg RA 2 Klubben i april 2013. Dette silanlegget vart sett i drift torsdag 24 april 2014. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabilitering/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slamavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

#### Tekniske/utstyrsmessige føresetnader for å betre tenesta:

Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegget på Kleivaneset og 20 pumpestasjonar pr. 30.08.2014. Restarande pumpestasjonane målset ein seg å få installert overvåking på i løpet av 2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekrav for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for meir personell og opplæring både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

#### Rehabilitering av leidningsnett:

Separering av nedre delen av dagens felleisleidning i Pettervågen målset ein å gjere i 2014.

### **Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)**

Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Neste tømerunde vert etter planen gjennomført i slutten av 2014 for heile kommunen.

#### Avvik:

Ingen pr. i dag.

### **Veg- og gatelys (5121) (FA)**

Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

#### Generelt:

Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekningar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Samferdselsutvalget i Møre og Romsdal fylkeskommune gjorde i møte den 25. april 2012 eit prinsippvedtak om å overta veglysanlegg langs fylkesvegane der dei fram til no har gitt eit tilskot til drift og vedlikehold. **Dette vil medføre at kommunene vil site att med dei mest kostnadskrevjande veglysa langs fylkesvegane, utan å få ei krone i tilskudd for å drifte dei.** Der er løyvd 350 tusen til utbetring av veglysanlegg på Nerlandsøya i 2014. Evt. andre søknadar må settast på vent, inntil det ligg føre nye løyvingar. **Tussa utfører all nybygging, drift- og vedlikehald**



av veglys for kommunen. Firmaet har over tid hatt dårleg kapasitet og dette har medført forseinkingar av både utbygging, drift- og vedlikehald. Dette har igjen medført auka klager på sløkte veglys.

Det viser seg og at ein i enkelte områder har tildels dårlege veglyslinjer, som igjen resulterer i auka vedlikeholdskostnadar ved bruk av resurser til m.a. feilsøking for å finne feil.

Avvik / manglar:

- **Sein utføring av nybygging, drift- og vedlikehaldsarbeid frå Tussa**
- Behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys
- Behov for oppgradering av nettet i enkelte områder.

Løysing av avvik / mangel:

- **vurdere om anna firma enn Tussa kan utføre kommunen sitt behov for veglystenster**
- høgare prioritering av skogrydding
- det er løyvd kr. 350.000,- til utskifting av dårlege veglyslinjer i 2014.

#### 4. PROSJEKT

##### ANLEGG

**Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta**

Prosjektleder/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon

Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato

Total løyving	kr. 4.100.000,-
Forbruk 2009	kr. 45.001,-
Forbruk 2010	kr. 85.926,-
Forbruk 2012	kr. 19.412,-
Forbruk 2013	kr. 2.445.531,-
Forbruk 2014	kr. 964.269,-
Rest løyving	kr. 539.861

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013  
Ferdig: Våren 2014. Dei fleste av tomtene er solgt.  
Forventa totalkostnad: Omlag 3,5 mill. inkl. riving av skulen.  
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.  
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Økonomisk avslutning står att.

Avvik: Ingen.

**Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge**

Prosjektleder/ansvarleg: Fred Arnesen

Grunnlagdokumentasjon:

Vedtak om at kommunen skal sørge for utbygging av kommunalt avlaupsanlegg på Nedre Berge vart gjort i F-sak 235/12.

Løyving/storleik på løyving: Ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato:

Anleggsstatus: Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013. Anlegget er stort sett ferdig utbygd. Det er mindre arbeid som gjenstår.

Anbud:

Pumpestasjon:	kr.	476.075,-
Rør og deler:	kr.	501.948,-
Maskinentreprenør:	kr.	2.199.204,-
Sum	kr.	3.177.227,-

Forbruk:

2013	kr.	115.875,-
2014	kr.	4.533.845,-
Sum	kr.	4.649.720,-

Avvik:

Det er snart klart for økonomisk avslutning av anlegget. Herøy vasslag BA og Tussa nett AS, vil då få faktura frå Herøy kommune i forhold til deira part i grøfta.

Kommentarar:

Anleggsarbeid oppstarta: Februar 2014  
Ferdig: Juni 2014  
Forventa totalkostnad: Ca 3.100.000,-  
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnr./namn: 51119/ Rassikring Vikane**

Etter nedfall av fjellblokk i 2007 vart det av konsulent gjort ei vurdering av skredfare/sikringsbehov med forslag til tiltak. Sikring vart anbefalt løyst ved opparbeiding av fanggrøft. Arbeidet med opparbeiding av fanggrøft langs fjellfoten vart lyst ut på anbud. Utfrå

kostnadene i motteke anbud og nærmare vurdering av tekniske utfordringar som anbefalt løysing innebar, fann ein det nødvendig å foreta ny vurdering av geologar m.t.p. om det kunne vere andre eigna sikringsmetoder. I denne samanheng har fjellsikringsteam gått over det aktuelle fjellområdet og kartlagt tilstanden på fjellet/ sikringsbehovet. Tilhøva viser seg å vere langt verre enn det ein tidlegare hadde grunn til å tru.

Det er løyvd 2 mill. kr til sikringsarbeidet. Kostnadene med ei sikring slik tilhøva no framstår, vil bli svært store og er no estimert til ein kostnad på minst 4 mill. Denne saka har blitt mykje meir omfattande og komplisert enn det ein hadde føresetnader til å sjå føre seg i utgangspunktet. M.a. ved at geologar og anna ekspertise ikkje kan gi noko garantiar på at gjennomføring av planlagt sikringsarbeid vil medføre sikre tilhøve for fleire eigedomar i området. Det er gjennomført møte med grunneigarane og Kommunens sentralforbund(KS) har hatt saka til juridisk vurdering av kva ansvar kommunen evt. har i saka. NVE har blitt informert om status i saka. Ein avventar svar frå grunneigarane på korleis dei vurderer saka.

### **Sikring av Myrabekken på Moltustranda**

NVE utarbeidde i sin tid planer for sikring av Myrabekken på Moltustranda. NVE har vedteke å dekke inntil 80% av kostnadene medan Herøy kommune har forplikta seg til ein eigenandel på 20%. NVE har på førespurnad opplyst at dette prosjektet no ligg i budsjettkø. Ein kan ikkje seie med sikkerheit kva tid det kjem til utførelse.

### **Prosjektnummer/namn: 3305/Ny bru til Herøy gard**

Prosjektleder/ansvarleg:

#### Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

#### Status pr. dato

Som følgje av usemje med Statens vegvesen, i tillegg dårleg tilstand på brukonstruksjonen så har ein beslutta å skrinlegge planane med gjenbruk av gamle VAD bru. Statens vegvesen fjerner konstruksjonen som er lagra på Mjølstadneset for eiga rekning.

**Ein lyt vidare sjå på alternative løysningar med ny bru-konstruksjon. Prosjektert vegtrase lyt behaldast i vidare planlegging og prosjektering.**

Saka blir følgt opp av ny prosjektleder.

#### Økonomi:

Løyving 2012	3 mill
Forbruk 2005-2012	30.000,-
Restløyving	2.970.000,-

#### Kommentarar

Avvik:

Forventa ferdigstilling:

Forventa totalkostnad:

Uklårt.

Uklårt.

Omlag 3 mill kroner (kostnadsanslag)

Behov for ekstraløyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

**Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.**

Prosjektleder/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

Løyving/storleik på løyving:

I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Restarbeider utført sommaren 2014. Klar for økonomisk avslutning.

Økonomi:

Prosjektrammer:	kr. 3.808.445,-
Forbruk 2005-2014:	kr. 3.540.000,-
Mindreforbruk:	kr. 268.445,-

Samla prosjektrammer inkl løyvingar frå kloakkrammeplanen: kr 3.808.445,-

Samla forbruk pr dato: kr 3.540.000,-

Økonomisk avslutning blir framlagt hausten 2014.

Kommentarar

- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilling etter levering og montering av gateløys.
- Forventa totalkostnad: kr 3.540.000,-

**Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia**

Prosjektleder/-ansvarleg: Tore Langvatn

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.

Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

Status pr. dato

Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Det manglar ein støttemur/innsynskjerm i enden av vegen, på snuplassen og overføring av skøyte frå 3 grunneigarar til Herøy kommune.

Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.

Forbruk pr. dato:

Totalt budsjett: kr 2.800.000,-

Forbruk til no kr -2.539.644,-

Rest budsjett kr 260.356,-

Avvik

Reklamasjon på private eigedomar må ferdigstillast og skøyte på eigedomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2014.  
Forventa totalkostnad: 2.800.000,-  
Behov for ekstraløyving: Ingen  
Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggast fram for godkjenning.

**Prosjektnr./namn: 51003 og 51011/Parkeringsareal bak rådhuset/Næringstiltak**

Prosjektleder-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagsdokumentasjon

Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato

Arealet er planert og oppgrusa. Undersprenging er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg. Det er ikkje formålstenleg å asfaltere arealet då det er innregulert bygg på området.

Løyving /Forbruk:

Løyving 2011(overført til 2012)	kr. 1.000.000,-
Forbruk 2012	kr. 506.171,-
Forbruk 2013	kr. 513.354,-
<b>Meirforbruk</b>	<b>kr. 19.525,-</b>

Alle beløp inkl. mva.

Avvik: Prosjektet har vore gjennomført på rammeavtale med entreprenør. Kostnaden har vorte høgare enn forventa og høgare enn det som kjem inn under reglane for bruk av rammeavtale. Bruk av rammeavtale tilseier at totalkostnad kan vere inntil 500.000 kroner eks. mva. I dette tilfellet vart summen omlag 800.000 kroner eks.mva. Meirforbruk ut over løyving etter at alle arbeid er gjort er kr. 19.525,-.

Kommentarar

Det er beklageleg at kostanden vart høgre enn føresett og at reglane for rammeavtalen vart overskriden med omlag 300.000 kroner. Ein vil innskjerpe rutineane med sikte på å unngå dette for ettertida.

**Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu**

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Bakgrunn

Delprosjekt i kloakkrammeplanen og består av separering av avlaups- og overvassleidningar i Moltubakkane og ny avskjærande leidning for å samle det pr. i dag ureinsa utsleppa i ein slamskillar med ny sjøleidning. Tiltaket er særskild viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

- Separering i Moltubakkane er utført.
- Ny avskjærande leidning ved sentrum på Moltu er planlagt.
- Avtalar med grunneigarane langs planlagd trasé er no inngått.
- Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt.
- I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass.
- Då framdrifta for liknande grunnavtalar i Grønhaugen gjekk raskare vart prosjektet med reinseanlegg RA2 der satt i gong først for og ikkje stoppe arbeida med kloakkrammeplanen.

Framdrift for prosjektet:

Sidan førre rapportering er prosjektering ferdigstilt og søknad om dispensasjon og rammeløyve for prosjektet er til handsaming.

Prosjektregnskap

Sum forbruk	kr 989.186
-------------	------------

Avvik:

Uføresett store utfordringar med grunnavtalar som har ført til omprosjektering av delar av tiltaket.

Kommentarar

Planlagt oppstart: 2014

Forventa totalkostnad: om lag 8 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug**

**Prosjektleder/-ansvarleg: Lene Huldal**

Grunnlagsdokumentasjon

Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg for avlaup i på Klubben friområde på Bergsøya. Alt avlaupsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen skal samlast og førast til anlegget for reinsing.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Anlegget er satt i drift og det gjenstår mindre arbeid for ferdigstilling.

Totalt forbruk	kr 17 661 714
----------------	---------------

Avvik:Grunnarbeida var noko forsinkande for prosjektet.

Kommentarar:

Oppstart: Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013.

Forventa ferdigstilling: 2014

Forventa totalkostnad: Omlag 18 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. dags dato

**Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion**

Prosjektleiari/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:

Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggjast kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

Spelemidler	kr 2.500.000
RDA-midler	kr 1.000.000
Dugnad	kr 50.000
Bergsøy IL	kr 5.226.000
Refusjon mva. til prosjektet	kr 2.194.000
Totalt	kr 10.970.000

Status pr. dagsdato:

Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig inninstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko opprettingsarbeid.

Prosjektregnskap

Forventa totalkostnad (eks mva)	kr 8.776.000
Sum forbruk	kr 7.567.904
Rest	kr 1.208.096

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2014

Forventa totalkostnad: 10.970.000 kr

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn:51200 Kunstgrasbane Leikong**

**Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal**Grunnlagsdokumentasjon:

Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

Forventa totalkostnad (eks. mva)	kr 2.686.300
Forbruk 2011	kr 10.000
Forbruk 2012	kr 746.087
Forbruk 2013	kr 1.488.471
Forbruk 2014	kr 325.445
Totalt forbruk	kr 2.570.003
Rest	kr 116.267

Kommentarar

## Framdrift:

Arbeida er avslutta og banen er teken i bruk, restutbetalingar og økonomisk avslutning gjenstår.

## Forventa

## totalkostnad:

2.686.300 kr eks. mva

## Behov for

## ekstraløyving:

Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr. Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan sluttoppgjer ikkje er ferdigstilt, er det ikkje avklart om det er naudsynt med ekstra løyving.

## Andre avklaringar/

tiltak som må iverksetjast: ingen

**Prosjektnr/namn: 51350/Vegarm Myklebust-Campus****Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal**Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet omfattar bygging av komplett veg frå Myklebust til Campus. Det er gjort vedtak i samferdselsutvalet ved fylket 5.9.2012 om at prosjektet kan realiserast i samråd med Møre og Romsdal fylke og Statens vegvesen og at kostnadane vert å rekne som del av kommunen sitt bidrag til realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg.

Status pr. dato

Det er signert samarbeidsavtale med Statens vegvesen og vegen er prosjektert. Det er no klart for utlysing av prosjektet på anbod, planlagt iløpet av september.

Løyving (RDA)	10.000.000 kr
Forbruk	4.772.027 kr
Rest løyving	5.227.973 kr



#### Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2015  
Forventa totalkostnad: 16 mill kr  
Behov for ekstraløyving: Ja, vert å handsame politisk..  
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Det er vedtatt at administrasjonen skal legge fram politisk sak vedk. finansiering når anbod er henta inn.

#### **Prosjektnr/namn: 51361/Avlaup Almenningskaia**

Prosjektleiari/ansvarleg: Lene S. Huldal

#### Grunnlagsdokumentasjon

Det må byggast ut avlaupsnett på Almenningskaia i Fosnavåg som mellom anna nytt hotell skap koplast til.

#### Status

Arbeida med avlaupsanlegg er ferdig bortsett frå mindre tilstelling som må sjåast i samanheng med generell opparbeiding på Almenningen (Prosjekt nr. 51405).

#### Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

Forbruk	1.622.501kr
---------	-------------

Prosjektet er oppstarta: v. 20/14.  
Forventa ferdigstilling: 3. kvartal 2014.  
Forventa totalkostnad: 3 mill kr

#### **Prosjektnr/namn: 51304/Kai i Fosnavåg**

Prosjektleiari/ansvarleg: Lene S. Huldal

#### Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet omfattar riving av eksisterande kai foran "Strandteigen", fylling i sjø og bygging av ny kai på omlag 5x39m. Kai skal fungere som trasè for utrykkingskjøretøy og er ein del av promenaden langs sjøkanten i Fosnavåg.

